Hordaland har til liks med mange andre fylke langs kysten eit todelt næringsliv. Det er viktig at fylket har verdiskaping som ikkje er oljeavhengig. Det offentlege må særleg bidra til at små- og mellomstore føretak får hjelp til nyskaping som kan gje produksjon tilpassa eit berekraftig samfunn.

Hordaland slit til liks med ei lang rad kommunar og fylkeskommunar med aukande gjeld. Dette både bandlegg driftsmidlar for mange år og gjer oss meir sårbare for endra skatteinngang og endringar i kapitalmarknadene. SV meiner at situasjonen krev at dei statlege overføringane vert auka i framtida, og at staten etablerer meir omfattande ordningar for rentekompensasjon, rentegarantiar eller liknande.

Investeringsbudsjett, verbalforslag

1. Fylkestinget ber om at posten profilering av eigedommar vert omdisponert og brukt på investeringar i utstyr i den vidaregåande skulen.

Driftsbudsjettet, tal justeringar

Område (post)	<i>auka driftskostnad</i>	<i>redusert driftskostnad</i>
Klimaplan, generell styrking av gjennomføring (715), spes. vekt på motorteknologi og oppstart av hydrogenfyllestasjon Danmarks plass	9 000 000	
Bortfall av støtte til HOG-energi og BRB (700)		5 900 000
Einskapstakst for tog strekninga Arna-Bergen *NSB tar halve kostnaden.	6 000 000	
Avvikling av ordninga med natt-takst (730)	6 000 000	
Internettportal, trafikktryggleik	500 000	
Takstfrys, kollektiv (730)	72 000 000	
Utviding, ungdomskortet (730)	3 000 000	
Pilotprosjekt - «treeininga» - kollektiv, sykkel og gange (730)	2 000 000	
Innsparing, ruteproduksjon (kollektivfelt) (730)		50 000 000
Betre billeteringsystem		10 000 000
Innsparing streik (opplæring)	18 000 000	
Innsparte midlar streik (opplæring)		18 000 000
Auka generell ramme, opplæring (521-532)	10 000 000	
Øyremerka, auka bruk av vekslingsmodellen i v.g. skule (560)	1 000 000	
Elev/lærling/skulepsykolog (560)	1 500 000	
Utviding, kulturkortet (771)	200 000	
Cornerteateret (771)	500 000	
Styrka vedlikehald, fylkesvegar (7602)	60 000 000	
Kutt i løyving til Brussel kontoret (715)		1 000 000
Redusert utgift, Vestlandsrådet (715)		200 000
Prosjekt Trygg skuleveg – Samla oversyn over trafikkfarleg skuleveg ved alle skular i Hordaland	3 000 000	
Nye busstur. Oppvarma ved knutepunkt	5 000 000	
Forum Nye Bergensbanen	500 000	
Nærmiljøtiltak i små bygder for bulyst, identitet og lokale møteplassar	3 000 000	
Vestnorsk filmsenter(Western Norway Film Commission)	2 000 000	

Lån til Bergen kommune og Statens vegvesen – sanntidsmåling av luftforureining – 5 nye målestasjonar	1 000 000	
Auka ruteproduksjon – Buss distrikta	1 000 000	
Utgreiing hurtigbåt Laksevåg-CCB-Kleppestø (sjå forslag 23)	500 000	
Mindre bruk av konsulentverksemd		10 000 000
Innsparte midlar, mindre sjukefråvere		5 000 000
Tidsdifferensierte bompengar		30 000 000
Meirinntekt bompengar grunna mindre trafikknedgang		50 000 000
Tannhelse, hindra samanslåing av tannklinikkar	3 000 000	
Sum, endringar (justert)	208 700 000	180 100 000
Samla auka driftsutgifter	28 600 000	

Saldering av auka driftsutgifter: 28 600 000 frå posten *til disposisjonsfond*.

Driftsbudsjettet, verbalforslag

Opplæring

1. Fylkestinget vil ha ein modell for fordeling av ressursar mellom skular, som i større grad enn i dag prioritere skular med låge inntakspoeng og skular kor ein stor del elevar har anna morsmål enn norsk. Ein slik fordelingsmodell krev samstundes at totalramma er tilstrekkeleg vid til å kunne gje alle elevar i Hordaland ei god opplæring.
2. Fylkestinget vil ha reglar for fast maksimal gruppestorleik og at klassar som hovudregel ikkje skal slåast saman i fellesfag.
3. Fylkestinget vise til «vekslingsmodellen», kor opplæring i skule og bedrift vert kombinert, og ber om at fleire elevar får tilbod om opplæring etter ein slik modell.
4. Fylkestinget understreker at alle elevar må verte sikra tilpassa læremiddel. Det tyder at alle skal kunne velje å ha lærebok på papir framfor digitale læremiddel, og læremiddel skal vere tilgjengeleg på begge målføre.
5. Fylkestinget vil samarbeide tettare med kommunehelsetenesta for å styrkje helsetilbodet til elevane i den vidaregåande skulen, og mellom anna setje i gong prøveprosjekt med eigen skulepsykolog.
6. Fylkestinget ber om at ein lovfestar retten til læreplass, og vil styrke fagopplæringskontoret og forsterke samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og særleg oppmode offentlege verksemdar om å ta inn lærlingar.
7. Fylkestinget vil ha endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ønskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/tilbodet.

Miljø

8. Fylkestinget viser til Spar Kjøp sitt jordvarmeprosjekt på Kokstad og ønskjer at Hordaland fylkeskommune skal finna eit eigna bygg til å prøve ut eit eige prosjekt.
9. Fylkestinget ber om at arbeidet med å elektrifisere hamna (jmf. mål i klimaplanen) vert ytterlegare forsert. Visjonen er ei heilelektrisk hamn heilt utan klimagassutslepp.
10. Alle nye drosjebilar bør ha hybrid/elektrisk teknologi. Innan fire år skal heile drosjeparken vere bytta til slik teknologi.
11. Det skal verte oppretta eit informasjonskontor retta mot alle innbyggjarane i Hordaland, med enøk som hovudarbeidsområde. Dette skal integrerast i arbeidet med klimahandlingsplanen.

12. Fylkestinget ønskjer eit prosjekt for bruk av solfangarar og/eller solcellepanel på alle fylkeskommunale bygg. Slik teknologi skal verte installert på alle bygg kor det kan syte for redusert bruk av anna energi. Ein del av prosjektet bør vere å inkludere yrkesfagelevar innanfor relevante studieretningar, med å både kartleggje og installere.
13. Fylkestinget har som mål at Bergensområdet får Noreg sitt beste grønne kollektivtilbod innan 2020. Det er nødvendig med ei teknologiutgreiing som grunnlag for framtidige anbod både for buss og båt. Trolleybuss blir ein viktig teknologi. I tillegg må fylket utgreie buss med batteri, hybridmotorar og moderne gassmotorar.
14. Fylkestinget vil styrke konkurransekrafta til kollektivtrafikken gjennom å få etablert kollektivfelt, fryse maksimumstaksten og effektive avgrensingar på biltrafikken. Dette vil føre til kortare køyretid, betre regularitet og auka inntekter til fylkeskommunen.
15. Fylkestinget vil, saman med Bergen kommune, intensivere arbeidet for å betre framkoma for kollektivtrafikken i Bergen. Alle 4-felts innfartsårer og eksisterande sambruksfelt vert omgjorte til sambruksfelt i ein overgangsperiode, til permanente kollektivfelt er etablerte. Ei alternativ ordning med kollektivfelt frå 0600 til 0900 vert prøvd ut med auka kollektivdekking.
16. Fylkestinget vil ha bygd 2.000 nye innfartsparkeringsplassar i bydelane og kommunane rundt Bergen (parkering med skyss). Dette vil gje betre plass på vegnettet til kollektivtrafikk og annan nyttetrafikk. Og i tråd med fylkets tidlegare vedtak ønskjer Hordaland fylkesting at 2.000 parkeringsplassar i Bergen kommune blir fjerna.
17. Fylkestinget vil føre inn att prinsippet om gratis skuleskyss. Ordninga med samordning av skulereisekort og ungdomskort skal vere frivillig.
18. Arbeidet for å korte ned reisetida mellom Oslo og Bergen til 4 timar innan 2020 må intensiverast. I møte med nasjonale samferdslestyresmakter er raskare Bergensbane jobb nummer ein. Hordaland fylkeskommune vil halde fram og styrke samarbeida med kommunar og fylke langs bana, inkludert Bergen kommune. Planmidlar til Ringeriksbane må inn i NTP sin første planperiode. Arbeidet med kommunedelplanar må ta til snarast.
19. Fylkestinget meiner Vossabanen må utviklast som forstadsbane til Bergen, det krev at utbygging av infrastruktur Bergen-Voss vert prioritert. Fylkestinget krev at det rullande materiellet vert fornya.
20. Skansentunnelen vil gje ein farleg auke av biltrafikk via Bergensdalen. Alt planarbeid for denne tunnelen må verte avslutta.
21. For å fjerne trafikk over Bryggen og redusere trafikk i Øvregaten, er det avgjerande at Sandviken få god bybanedekning. Det er viktig at planane for Bybane til Fyllingsdalen ikkje tar vekk muligheita for Bybane framom Bryggen i framtida.
22. Fylkestinget vil ha eit prosjekt for å fremje - «Treeininga» - kollektiv, sykkel og gange. Ein viktig del av prosjektet skal fleire venterom og generelt betre haldeplasser kombinert med bysyklar. Prosjektet bør byggje vidare på Skyss og Bybanen sin visuelle profil og vere fri for kommersiell visuell forsøpling.
23. Fylkestinget ber om at planlegginga av en rullebane nummer to på Flesland vert avslutta. Ein auke i flytrafikken vil bryte med regionale, nasjonale og internasjonale mål om å kutte i utsleppa av klimagassar og verne befolkninga mot helsefarleg støy.
24. Fylkestinget ber om at det vert planlagd et prosjekt for ei pendlarruta CCB-Laksevåg-Kleppestø. Prosjektet har eit bra potensiale for å kunne verte eit vellukka døme på meir bruk av sjø til persontransport, og på sikt bør ho verte ei ordinær transportordning for alle.
25. Fylkestinget ber om at ein legg fram plan for utbygging og finansiering av utvida Trolleybuss.

Tannhelse

26. Fylkestinget vil ikkje støtte sentralisering av tannhelsetenesta. Fylkestinget vil arbeide for ei tannhelseordning finansiert over Folketrygda med eit felles nasjonalt takstsystem. Det er ingen naturleg grunn til at tannhelse skal handsamast annleis enn helse elles.

Kultur

27. Fylkestinget ønskjer kulturkortet utvida til å gjelde fleire kulturtilbod og alle studentar.
28. Fylkestinget meiner regionane i Noreg treng ei langvarig satsing på film for å hindre ytterlegare sentralisering av filmproduksjonen. Som ein del av denne satsinga skal Hordaland fylkeskommune auke midlane til Vestnorsk filmsenter og sikre driftsmidlar til Western Norway Film Commission på sikt.
29. Fylkestinget ber om at arbeidet med å finne eit sentralt lokale for ein nynorskscene vert prioritert høgt. Målet er å finne ein plass i Bergen sentrum i løpet av 2015.

Likestilling

30. Fylkestinget ber om at ein minskar delen tilsette i deltidstillingar. Heile stillingar skal vera hovudregelen.
31. Menneske med nedsett funksjonshemming som ikkje kan nytte offentleg transportmiddel må få høve til å parkere gratis ved arbeidsstaden.
32. Fylkestinget ber om ein gjennomgang av omfanget og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov, og på bakgrunn av dette syte for at dei får både eit fjerde og femte skuleår.

Finansiering/innkjøp/regional utvikling

33. Fylkestinget ber om arbeidet mot skatteparadis, sosial dumping og anna tilknytt økonomisk kriminalitet vert prioritert høgare. Spesielt viktig er det å syte for innsyn i leverandørkjeder og slik sikre at også mindre underleverandørar ter seg som seriøse aktørar.
34. Fylkestinget er uroa for den høge gjeldsgraden til Hordaland fylkeskommune, og meiner det må vere ei prioritert oppgåve å både sikre større årlege statlege overføringar og fleire statlege instrument som kan verne kommunane og fylkeskommunar mot renteendringar o.l.
35. Fylkestinget meiner det omfattande kuttet i tilskott til regional utvikling i statsbudsjettet ikkje er godt nok grunngeve og vil arbeide for å reversere kutta i kommande statsbudsjett. (Det er spesielt viktig at Bulyst-prosjektet ikkje lid skade på grunn av dette kuttet.)
36. Fylkestinget ber om ei uavhengig fagleg utgreiing om røynslene med anbod for kollektivtransport for buss og båt i Hordaland. Rapporten må undersøkje økonomisk vinst for det offentlege og for selskapa, betre tenester, arbeidsvilkår for dei tilsette, moglege auka byråkratisering, vilkåra for å styre transporttilbod og teknologiutvikling politisk frå fylket. Rapporten vært lagt fram og drøfta.
37. Fylkestinget ber administrasjonen komme med framlegg til eit modernisert reglement for politisk arbeid i fylket som aukar mindretalet sine rettar til å setje frem eigne framlegg, krevje høyringar i tråd med ordningar som no er vanlege i Bergen kommune og på Stortinget.

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Nyborg sitt forslag fekk 1 røyst (KrF) og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, Sp, KrF) for innstillinga.

Innstilling til fylkestinget

Budsjettforslag for 2015 og økonomiplanforslag 2015-18

Forslaget tar utgangspunkt i fylkesrådmannens reviderte budsjettgrunnlag, og endringene under refererer både til engangsendringer i 2015 og endringer for hele økonomiplanperioden. Dette kommenteres nærmere i teksten under tabellen. Tiltak i tabellen er nummerert, og det henvises tilsvarende til nummererte kommentarer i teksten.

Tiltakene er finansiert ved bruk av avsetningen på 11 mill. kr til disposisjonsfond i fylkesrådmannens budsjettforslag for 2015, samt med uttrekk av 69 mill. kr fra disposisjonsfond avsatt i juni 2014 basert på regnskapsoverskudd fra 2013.

Avslutningsvis i teksten under fremmer koalisjonen også noen verbalforslag uten direkte budsjettvirkning for 2015.

1. Driftsbudsjettet

	Samferdsel	1000-tall
1	Redusert takst måneds-/periodekort (fra kr 780 til kr 745)	7 000
2	Harmonering takst Barnekort/Ungdomskort (samme pris)	500
3	Fylkesveivedlikehold, dekkelegging	60 000
	Sum samferdsel	67 500
	Opplæring og helse	
4	Elevtallsjustering høst 2015	-7 000
5	Tilbakeholdes for senere fordeling på bakgrunn av inntak	7 000
6	Lærlingeplan og prognose	500
7	Sommerskole Stord/Sunnhordland	250
8	Ungt entreprenørskap, fokus yrkesfag	250
9	Motorrom Bømlo	
10	Markedsføring av HFK's skoler med vekt på yrkesfag	500
	Sum opplæring/helse	1 500
	Kultur	
11	Litteraturhuset	200
12	Administrasjon kultur, kulturminnevern/kunstformidling	-500
13	Sykkel VM-prosjekt, folkehelse/sykkelvaner	500
14	Friluftslivets år 2015	400
15	Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalget	250
16	Internasjonalt kultursamarbeid	-200
17	Museum	300
18	Haugesenteret	50
19	Gruver Litlabø, engangstilskudd	100
20	Moster Amfi/Mostraspelet, nytt manus m.m. driftstilskudd	100
	Sum kultur	1 200
	Regional utvikling	
21	Redusert stillingsomfang 5 %	-1 000

22	Nordiske Mediedager, tilskudd	250
23	Klimaplanen	1 000
24	Avvikle Liv og Lyst	-900
	Sum Regional utvikling	-650
	Bortfall renteinntekter	1 450
	Redusert avsetning disposisjonsfond i 2015-budsjettet	-11 000
	Fra disposisjonfond (avsetning 2013-regnskapet)	-60 000

Merknader driftsbudsjettet;

Samferdsel

1. Reduksjon av månedskortpris. For å bygge opp under en fortsatt god utvikling i kollektivbruken, spesielt for de som reiser daglig kollektivt, endres minsteprisen på periodekort (30dg) fra foreslåtte kr 780 til kr 745.
2. Samordning pris barne/ungdomskort.
Prisen på barnekort og ungdomskort harmoneres, det er unaturlig med prisnedgang etter fylte 16 år.
3. På bakgrunn av den utfordrende situasjonen for fylkesveiene mht. vedlikehold og dekkelegging, bud-sjetteres det med 60 mill. i ekstra dekkelegging i 2015. Fylkesutvalget/SAMU får fremlagt oversikt over planlagt dekkelegging i 2015 så snart dette er klart iht. ny budsjetttramme på totalt 100 mill. til tiltaket i 2015.

Opplæring

4. Elevtallsjustering. Prognostisert innsparing ved redusert elevtall høsten 2015 fordeles ikke til virksom-hetsbudsjettet før elevtall er klart, posten holdes i reserve, se pkt. 5.
5. Til fordeling ved endelig elevtall. Posten fordeles av OPHE når elevtall er klart. Dersom elevtallet tilsvarer prognosen, og det er en reell innsparing, fordeles posten på andre undervisningstiltak av utvalg for opplæring og helse. Prinsippet er at redusert elevtall gir redusert budsjett, og omvendt.
6. Lærlingeplan og lærlingeprogno
Der er behov for en nærmere sammenheng mellom arbeidslivets behov for kompetanse og undervisningstilbudet på yrkesfag. Det gjennomføres en kartlegging av kompetansebehov og fremtidig tilbud av læreplaner i samarbeid med arbeidslivets parter, med sikte på en tydeligere sammenheng mellom skoletilbud og behov. Arbeidet skal kunne ut i et tillegg til skolebruksplanen for yrkesfagtilbud, og evt. justeringer i klasedimensjonering.
7. Sommerskole Stord/Sunnhordland
Sommerskole på Askøy og i Bergen har vært meget vellykket, spesielt til å forbedre sjansene til å gjennomføre videregående utdanning med ståkarakter. Vi ønsker å utvide tilbudet til flere deler av fylket, og sørge for at flere gjennomfører videregående utdanning. Forsøket rettes mot Stord/Sunnhordland.
8. Økt tilskudd ungt entreprenørskap for ungdomsbedrifter i yrkesfag. Der er et stort potensiale for å re-kruttere flere unge til å starte egen bedrift. Et godt arbeid har vært gjort i forhold til studiespesialiserende og studieforberedende program. Økt innsats ønskes rettet mot andre yrkesfagprogram, for å bidra til at flere fagarbeidere starter egen virksomhet.
9. Motorrom Bømlo
Fornyelse av motorrom ved Rubbestadneset gjennomføres i løpet av 2015 med bruk av midler fra in-vesteringsbudsjettets ramme for mindre ombygginger/påbygg. Prosjektet er viktig for å gi elever

ved Rubbestadneset oppdaterte tekniske læremidler, og mulighet til å øve under forhold som er mer lik dagens virkelighet. Prosjektet har også stor lokal medvirkning fra bedrifter på Bømlo.

10. Markedsføring av skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag
Mer enn hele reduksjonen i elevtall sist skoleår kom på yrkesfag. Vi står i fare for ikke å kunne dekke behovet for fagarbeidere i fylket i fremtiden. Det settes derfor av 500.000 til et prosjekt for å markedsføre fylkeskommunens videregående skoler, spesielt med vekt på å rekruttere til yrkesfag.

Kultur

11. Litteraturhuset har siden starten klart å etablere seg som en viktig møteplass i Bergen og resten av Hordaland, innenfor begrensede rammer. Driftsstøtten økes med 200.000.
12. Administrasjon kulturminnevern og kunstformidling
Innsparingsforslaget på kultur fokuserer i hovedsak på å redusere tilskuddsordninger. I et stramt budsjett må også egen organisasjon ta deler av innsparingen. Selv om økningen på administrasjon på noen av kapitlene under kultur skyldes tekniske føringer, er det likevel naturlig å redusere omfanget av administrasjon på kulturminnevern og kunstformidling noe.
13. Prosjekt sykkel-VM og folkehelse/sykkelvaner
Bergen og Hordaland er tildelt Sykkel-VM 2017. Samtidig viser tallene fra reisevaneundersøkelsen at sykkelandelen har gått noe ned. Sykkel-VM bør brukes som inspirasjon for å øke sykkelandelen, men også som folkehelseiltak. Det blir satt av 500.000 til prosjekt med mål om å øke sykkelandelen i tråd med målsetningen i Regional Transportplan. Prosjektet skal også ha et folkehelseperspektiv. Fylkesutvalget ber om en sak i første kvartal 2015 der prosjektet blir konkretisert.
14. Friluftslivets år
Friluftslivets år feires i 2015. Det er naturlig med en fylkeskommunal medvirkning til markering av året i et folkehelseperspektiv.
15. Til rådvelde
Rådmannens forslag reduserer rådveldekontoen til kultur- og ressursutvalget. På bakgrunn av revisjonsrapport må disponering og utlysning av disse midlene gjennomgås, men det er ikke ønskelig å redusere det kulturelle handlingsrommet i utvalget. Halvparten av det foreslåtte kuttet tilbakeføres derfor.
16. Internasjonalt kultursamarbeid
Posten reduseres for å finansiere økte midler til museum
17. Museum
Museumene ivaretar en viktig historisk arv, og rammen for tildeling til museer økes derfor med 300.000.
18. Haugesenteret/Nynorsk kultursentrum
Haugesenteret åpnet i september i år, og er nå i full drift som det eneste senteret på Vestlandet for formidling av nasjonal poesi. Det er behov for noe økt driftsstøtte.
19. Litlabø-gruvene, Stord. Engangstilskudd på kr 100 000.
20. Mostraspelet
Mostraspelet skal i de kommende årene utvikle og forberede seg på et nytt 1000-års jubileum, og driftsstøtten blir økt med 100.000 kr.

Regional

21. Redusert stillingsomfang regionalavdelingen. På bakgrunn av redusert omfang på støttemidler, er det naturlig også å redusere administrasjonen.
22. Nordiske Mediedager.
Vi ønsker å videreføre støtte til dette viktige møtepunktet i Bergen, for internasjonale mediebedrifter. Dette er særleg viktig nå når Mediabyen Bergen er under etablering.
23. Klimaplanen
Klimautfordringene er en av de største utfordringene i vår tid. Vi ønsker å styrke arbeidet med

klima-prosjekter og setter av 1 mill. kr ekstra i 2015.

24. Avvikling av Liv og Lyst. Prosjekt Liv og Lyst avvikles i 2015 på bakgrunn av nasjonale vedtak. Budsjettet reduseres til et nivå tilstrekkelig for å avslutte igangsatte prosjekt. Ikke igangsatte prosjekt blir ikke startet opp.

2. Investeringsbudsjettet

	Investering	
25	Reduksjon s. 29 eiendeler	-1 000
26	Utstyr/maskiner videregående skole	10 000
	Fra Disposisjonsfond (avsetning 2013-regnskapet)	-9 000

Merknader til investeringsbudsjettet;

25. Fylkestinget ser ikke behov i 2015 for å avsette midler til egenkapitalinvesteringer i andre virksomheter.
26. Det avsettes 10 mill. til utstyr/maskiner i videregående skoler.

3. Verbalforslag

27. En lang rekke tiltak er satt i verk for å redusere frafall og øke gjennomføring i videregående skole. Fylkestinget ber om at det gjennomføres en samlet oppstilling og evaluering av disse tiltakene. Denne skal være klar enten i forbindelse med tilstandsrapporten for videregående skoler, eller senest for behandling i fylkestinget i oktober 2015.
28. Fylkestinget er kjent med innstillingen til fylkestinget i Sogn og Fjordane vedrørende bokbåten. Innstillingen og avtalefornyelse gjør at fylkestinget ber om en sak om bokbåten til behandling senest til møte i KURE i februar.
29. Tildeling til Gjesteateliet og Ambrosiahuset holdes tilbake inntil KURE og fylkesutvalget har fått seg forelagt gjeldende eller forslag til retningslinjer for disponering og utlysning av leilighet på Nordnes, i Spania, på Stend og eventuelt andre (kunstner)boliger/gjesteateliet som disponeres av fylkeskommunen eller som fylkeskommunen har rett til å disponere.
30. På bakgrunn av at det fra kommunenes side er etterspurt politisk deltakelse på samme nivå ved meklingsmøter/forhandlingsmøter i forbindelse med innsigelsessaker, endres delegasjonsreglementet slik at forhandlingsdelegasjonen ledes av fylkesordførere, ved dennes fravær fylkesvaraordfører, ved dennes fravær leder eller nestleder i KURE. Meglingsresultat legges frem for KURE for endelig stadsfesting. Opposisjonsleder har anledning til å stille som observatør.
31. Sammenleggbare sykler kan i dag medtas på kollektivtransport uten ekstra pristillegg, dersom de har på seg trekk. Dette virker noe kunstig, og fylkestinget vedtar at sammenleggbare sykler kan medtas uten trekk, så lenge de ikke settes på sete/tar opp sete eller i midtgang. Tilsvarende skal sykler som stilles ute på hurtigbåter under eget ansvar kunne medtas uten pristillegg, der det er plass.
32. Fylkestinget ber om en sak for å vurdere den strekningsvise inntektssvikten som følge av at el-biler kan reise gratis på fylkesveggerferger
33. Fylkestinget ber om at det blir tatt initiativ overfor statlige myndigheter for å se på muligheter for å redusere kostnadsnivået i neste anbudsrunder for ferge drift.
34. Masfjordenbrua. Fylkestinget er positivt til et forsøk med en konseptutlysning for Masfjordenbrua, dvs. en anbudsutlysning basert på en ren funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunne realiseres under forutsetning av at fylkeskommunal egenandel ikke overskrider fergeavløsning og momskompensasjon i forbindelse med prosjektet. Fylkestinget ber om en sak vedrørende dette i

1.kv. 2015.

35. Voksne i videregående skole: fylkestinget ber om en sak med gjennomgang av mulighetene for søkere uten rett til å ta videregående utdanning eller delkompetanse.
36. Fylkestinget forutsetter at det settes av planmidler slik at nye Rubbestadneset videregående kan realiseres i henhold til skolebruksplanen (2017-2020).

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Tillegg til tekst punkt 4:

Dersom elevtalet hausten 2015 vert høgare enn budsjettet, har administrasjonen fullmakt til å fordela naudsynte midlar til skulane."

Sveinung Valle sette på vegner av A og Sp fram slikt forslag:

"Arbeiderpartiet og Senterpartiet sitt alternative budsjettforslag for 2015

Innbyggjartalet i Hordaland skal auka med 151.000 innbyggjarar i åra fram mot 2030. Hovudveksten kjem i Bergensregionen. Det er ei politisk målsetjing at trafikkauken skal løysast med gode kollektivløysingar, gang- og sykkelveggar. Dette er i tråd med nyleg vedteken klimaplan. I føreordet til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 innleier fylkesordføraren: «Klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland». Han skriv og at «Å feie for eiga dør er nødvendig».

Fylkestinget vedtok 11. juni 2014 klimaplanen med ein tydeleg visjon og mål for dette arbeidet. Dette har Arbeiderpartiet og Senterpartiet røysta for, fordi vi er einige i at klimautfordringane er vår tids største utfordring, og fordi vi meiner at klimaplanen må og skal leggjast til grunn for alt anna arbeid i fylket vårt.

I Økonomiplan 2015-2018 skriv fylkesrådmannen: «Klimaplanen vert sentral i økonomiplanperioden». Samstundes understrekar fylkesrådmannen at eit nytt inntektssystem, presentert i kommuneproposisjonen, vil med-føra ein reduksjon i rammetilskotet til Hordaland fylkeskommune.

Heile dette bakteppet krev hard prioritering. Ap og Sp vil innan kollektivfeltet leggja vekt på å auka ruteproduksjonen på rutenettet på høgfrekvente ruter. I tillegg vil vi sikra utbygging av sykkelveggar og sykkelparkering.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil erstatta dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som ein sterk pilotregion, som kan fungera som ei motvekt til Oslo. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap og Sp har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonsarbeid som ein avgjerande berebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt. Samlokalisering av ulike formål kan skapa mogelegheiter. Ap og Sp sitt alternative budsjett reflekterer dette. Likeeins er ein tent med eit samfunn der barn og unge har gode rammer rundt sine fritidssyslar. Støtte til øvingsrom og musikkbingar er eit godt eksempel på dette.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap og Sp vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærleik, kvalitet i undervisninga og bærekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigar og trong for helsetenester. Ap og Sp vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

DRIFT		
Samferdsel		
Auka aldersgrensa på ungdomskortet til 21 år	3,5	mill.
Fjerna nattaksten på kollektivreiser	6,5	mill.

Jentetaxi	1,0	mill.
Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum	6,0	mill.
Vedlikehald fylkesvegar	30	mill.
Sykkelvegar i Bergen	10	mill.
Auka ruteproduksjon	45	mill.
Auken i takstane på kollektivreiser vert redusert til 3 %	52	mill.
Periodebillett for born og ungdom vert lik	0,5	mill.
<i>Totalt</i>	154,5	mill.
Kultur og ressurs		
Støtte til regionale og lokale kulturhus	3,0	mill.
Driftsstøtte USF	0,6	mill.
Øvingsrom	2,0	mill.
Pilegrimsenteret i Røldal	1,0	mill.
Ungdomsprosjekt, Bergen og Hordaland Turlag	0,5	mill.
Hordaland Teater	1,0	mill.
Tilskot til idrettsarbeid	1,5	mill.
Cornerteateret	0,3	mill.
Totalt	9,9	mill.
Opplæring og helse		
Vaksenopplæring	5,0	mill.
Gratis berbar pc	6,5	mill.
Elev- og lærlingombod	0,6	mill.
Prosjektstilling LLH	0,6,	mill.
Rammeoverføringar til skulane	38,0	mill.
Skulepsykologar	10,0	mill.
Utstyr til fagopplæring	10,0	mill.
Tannhelsetenesta	3,0	mill.
Totalt	73,7	mill.
Regional utvikling		
Ramma til regional utvikling (fordeling til samarbeidsråd)	5,0	mill.
Klima		mill.
Auka ramme til oppfølging av Klimaplanen	10,0	mill.
TOTALT	253,1	mill.
SALDERING DRIFT		

Disposisjonsfond frå 2013	89,6	mill.
Redusert avsetjing til disposisjonsfond 2015	11,0	mill.
Redusert overføring til investeringsbudsjettet	35,0	mill.
Tidsdifferensierte bompengesatsar (vert øyremerkte kollektivtrafikk)	30,0	mill.
Meirinntekt bompengar grunna mindre trafikknedgang	33,0	mill.
Til rådevelde kultur og ressurs	0,5	mill.
Utvikling og styrking av kollektivtilbodet (belønningsmidlar)	45,0	mill.
Syssel-, gange- og miljøtiltak (belønningsmidlar)	9,0	mill.
Totalt	253,1	mill.

SAMFERDSEL

Arbeidarpartiet og Senterpartiet vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidssikre transportløyisingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløyisingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvaliteten og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Auka aldersgrense på ungdomskortet

Det langsiktige målet er å auka aldersgrensa på ungdomskortet til og med fylte 25 år. Vi ønskjer ei gradvis opptrapping, og budsjetterer med 3,5 millionar for å auka aldersgrense til 21 år.

Fjerna nattakst på kollektivreiser

For å gjera kollektivtrafikken meir attraktiv vert nattaksten fjerna, slik at alle periodekort kan brukast heile døgnet.

Jentetaxi

Det har dei siste åra vore skremmande mange overfallsvoldtekter i Bergen. Sommaren 2012 vart det innført ei ordning med jentetaxi i Bergen sentrum som skulle vera eit trygt alternativ for unge jenter til, anten gå heim aleine, eller å oppsøkje pirattaxi. Prosjektet var vellukka, men dessverre kortvarig. For å sikra at folk kjem seg trygt heim på nattetid i Bergen må vi sikra eit betre tilbod på alle offentlege transportmiddel. Å krevja nattakst på buss og bybane gjer desse tilboda mindre attraktive for unge. Hordaland fylkeskommune tek initiativ til, og medfinansierer, i samråd med taxinæringa, natteramnane, politiet og Bergen kommune eit prøveprosjekt med jentetaxi etter same modell som vart prøvd i 2012.

Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar elles, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum.

Sykelveg i Bergen

For å få fart på sykkelsatsinga i Bergen budsjetterer vi med 10 millionar kroner til sykkelparkering på Lagunen og i Åsane (3 mill.), samanhengande sykkelveg gjennom Fyllingsdalen (2 mill.) og prosjektering av sykkelveg i Bjørgeveien (3 mill.). Vidare set me av 2 millionar til diverse sykkeltiltak i 2015.

Auka ruteproduksjon

For å gjera kollektivtrafikken meir attraktiv, set me av 45 millionar til auka ruteproduksjon. Eit berande prinsipp for søknaden om belønningsmidlar frå staten er målet om nullvekst i privatbilismen i Bergen. For å nå dette målet må me auka kapasiteten på Bybanen og bussane i rushtida. Forventa auke i befolkning og auka behov på grunn av byutvikling, til dømes i området Solheimsviken/Kronstad og Sandsli, vil auka talet på kollektivreisar. Difor budsjetterer me for ei betydeleg styrking av rutetilbodet i stamlinjenettet, for både buss og bane.

Auken i takstane på kollektivreiser vert redusert til 3 %

Ein inntektssvikt på om lag 50 millionar kroner, delvis forårsaka av fleirtalspartia si feilaktige budsjettering og urealistiske saldering av budsjettet for 2014, har ført til at ein treng meir pengar for å finansiera kollektivtrafikken i Hordaland. Me er uroa over konsekvensane av å auka takstane så mykje som fylkesrådmannen foreslår. Vi legg inn 52 millionar for å avgrense auken i takstane til 3 %. Om vi lagar kollektivløysingar som folk ikkje har råd til bruka, vil vi aldri nå målet om at fleire skal reisa kollektivt og miljøvenleg.

Masfjordbrua

Hordaland fylkeskommune samarbeider med Masfjorden kommune om realisering av Masfjordbrua. Dei nødvendige tiltaka for å starta prosjektet vert iverksett første halvår 2015.

Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Vi trur det kan vera mykje å henta på ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og meir ressursar til tenesteytinga.

Ferjer

Kvaliteten på dei einskilde ferjesambanda må sjåast i samheng med det totale transportbehovet i området.

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er difor ønskjeleg med fornying/modernisering av flåten i neste anbudsperiode.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å vera ein meir krevjande kunde i framtida enn i dag, når det gjeld miljøkrav som må stillast i samband med neste anbudsrunder. Dette gjeld først og fremst krav til utslepp. Ein bør mellom anna leggja opp til at det kan nyttast hybride løysingar, der til dømes batteri vert ein del av framdriftsteknologien.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegfergiesamband skal ha lærlingplasser.

KULTUR OG IDRETT

Kunst og kultur aukar livskvaliteten og er identitetsskapande. Kulturløftet har gjeve auka aktivitet for kultur- og organisasjonslivet i heile fylket. Arbeiderpartiet og Senterpartiet vil vidareføra dette arbeidet og gje særleg born og unge kunst- og kulturopplevingar, uansett sosial bakgrunn og kor dei bur. Skal ein ha eit levande kulturliv, må ein engasjera både profesjonelle og frivillige. Hordaland har leiande utøvarar innan dei fleste kunst- og kulturuttrykka, og gjer seg sterkt gjeldande innan alle felt. Cornerteateret er eit eksempel på dette.

Satsing på Hordaland Teater

Hordaland Teater er ein viktig kulturarena innan nynorsk språk og kulturformidling for born og unge. Hordaland Teater er ein viktig nynorsk debattarena som må vidareutviklast.

Arbeiderpartiet og Senterpartiet vil i budsjettet for 2015 leggja til rette for at Hordaland Teater kan gjennomføra den planlagde flyttinga til Bergen Sentrum og foreslår 1 million meir til dette formålet.

Tilskot til idrettsarbeid

Vi ønskjer at Hordaland skal kunne påta seg store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement også i framtida. For å kunna imøtekomma dette behovet trengs det ei større satsing på fylkesidrettsanlegg.

Vi vil i budsjettet for 2015 oppretthalda budsjettposten frå 2014 og legg derfor inn att 1,5 millionar til fylkesidrettsanlegg.

Regionale og lokale kulturhus

Tilskot til regionale og lokale kulturhus er eit viktig bidrag i arbeidet med å etablera gode lokale arenaer for kultur, musikk og samlingslokale i heile Hordaland. Eit bidrag frå Hordaland fylkeskommune er kanskje det «lille ekstra» som skal til for at eldre bygg blir halde ved like og nye bygg blir bygd. Behovet for tilskot står ikkje i forhold til det som årleg vert tildelt.

Vi ønskjer å oppretthalda budsjettposten frå 2014 og legg inn att 1 million samt at vi ønskjer å auka den ytterlegare med 2 millionar meir.

Budsjettposten regionale og lokale kulturhus vert auka med totalt 3 millionar.

Stiftelsen Kulturhuset USF

USF på Verftet er eit mangfaldig kultur- og scenehus. Her er det ulike scenar og lokale for både amatørar og profesjonelle, og aktiviteter som kunst, film, teater, ballett, samtidsmusikk, shantikor og hiphop skjer kvar dag heile veka. USF er Bergens mest aktive musikkscene og der ombygginga har gjeve optimale forhold for musikkformidling. Det unike med huset er samlokaliseringa der dei fleste fagfelt innan kunst- og kultur er samla under eitt tak. Arbeiderpartiet og Senterpartiet ønskjer å bidra til ei føreseieleg drift og foreslår at 600.000 i driftsmidlar vert innarbeidd i budsjettet frå 2015.

Øvingsrom/musikkbingar

Vi ønskjer å oppretta ei ny tilskotsordning med tilskot til øvingsrom/musikkbingar. Tilskotsordninga skal vera ei medfinansiering til dei som får tilskot gjennom «musikkutstyrsordninga».

Vi set av 2 millionar til dette formålet.

Røldal pilgrimsenter

Som oppfølging av forprosjektet av Røldal pilgrimsenter støttar vi det vidare arbeidet med 1 million.

OPPLÆRING

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunnkompetanse før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamne sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevvar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosiøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet dei sjølv ynskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi likevel har, reduserer skulane sine mogelegheiter til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på marknadsprinsipp, men som har til føremål å sikra fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølve får koma med sine innspel og at dei negative konsekvensane av dagens budsjettmodell vert synleggjort. I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag vert det føreslege å kutta 38 millionar i ramma til opplæring fordi elevtalet blir lågare for 2015 enn det var for 2014. Det er eit kutt som vil få dramatiske konsekvensar for skulane våre. Difor vel vi å ta heile kuttet inn att i budsjettet. Kortsiktig statistiske endringar og marknadsprinsipp skal ikkje vera avgjerande for drifta av dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Nytt inntakssystem

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak om nytt inntakssystem i Hordaland. Karakterar skal ikkje åleine avgjere kva skule en har mogelegheit til å gå på. Saka skal syna korleis dagens inntakssystem påverkar elevane sitt reisemønster, og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir fornuftig og bærekraftig skulestruktur i Hordaland. Eit bærande prinsipp i det nye inntakssystemet skal vere at elevane har rett til å gå på næraste skule som tilbyr ønskt studieretning.

Private skular

Hordaland har eit stort innslag av private skular. Dette får store konsekvensar for økonomien til Hordaland fylkeskommune. For 2015 kuttar Regjeringa over 100 millionar i tilskotet til Hordaland på bakgrunn av tal elevplassar i private vidaregåande skular. Fylkestinget er uroa over utviklinga, og er negativ til etablering av fleire kommersielt drivne private skular i Hordaland. For framtida skal det kun gjevast høve til å starta private skular som representerer eit pedagogisk eller religiøst alternativ.

Gratis skulegang

Skule skal vere gratis i Norge. I Hordaland er ikkje skulen det. Elevane må bruka stipendet sitt på å kjøpa skule-pc, eit stipend som og skal dekkja alt anna utstyr elevane treng. Regjeringa sitt kutt i stipendordninga til elevane utfordrar skule-pc-ordninga ytterlegare. No vil ca. 5000 elevar i Hordaland miste bu- og grunnstipendet sitt. Det gjer at mange vil få større økonomiske utfordringar. Difor vert det budsjettert med 6,5 millionar kr for å gjera skule-pc-ordninga gratis.

Elev- og lærlingombod

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettstryggleik. Elevane har ei rekkje rettar og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod, skal elevinspektørane si rolle på skulane redefinierast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstillar krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremje ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

Tillit til lærarane

Lærarane er vår viktigaste ressurs i skulen, og vi ønskjer å frigje meir tid slik at dei kan konsentrera seg om si viktigaste oppgåve, som er undervisning av elevane. Difor vedtek fylkestinget at fylkesrådmannen skal fremje ei sak om avbyråkratiserande tiltak i den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkestinget vedtek og at ordninga med anonym retting av prøver vert avskaffa.

Prosjekt til fordjuping

Den auka ramma til fordeling til skulane skal mellom anna nyttast til å sikra at faget «prosjekt til fordjuping» vert sikra kvalitetsmessig. Praksisen der skulane kuttar timar i faget vert avslutta. Skulane som allereie har kutta timar i faget reverserer dette, og elevane vert sikra nok oppfølging når dei er ute i praksis.

Utstyr på yrkesfag

Det vert lagt inn ti millionar i budsjettet for å finansiera oppgradering og nytt utstyr til yrkesfagsskulene i Hordaland."

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Budsjettforslag 2015

Budsjettframlegget frå fylkesrådmannen ligg til grunn.
Økonomiplan 2015 – 2018 vert justert i samsvar med vedtak.

Tannhelsetenesta	3,0	mill.
Pilegrimsenteret i Røldal	1,0	mill.
Ungdomsprosjekt, Bergen og Hordaland Turlag	0,5	mill.
Periodebillett for barn og ungdom gjøres lik, kr 350 pr måned	0,5	mill.
Redusere billettinntektene til prisstigningen på periodekort	14,0	mill.
Asfaltering av fylkesveier	60,0	mill.
Fylkeskommunal medfinansiering til enhetstakst Arna-Bergen med tog	3,0	mill.
Styrke voksenopplæringen til personer med mangel i grunnopplæringen	2,0	mill.
Utstyr til fagopplæringen	10,0	mill.

Økt ramme til oppfølging av Klimaplanen	1,5,0	mill.
TOTALT	95,5	mill.
Saldering		
Disposisjonsfond	- 60	mill.
Mindre overføring til investering	-35,5	mill.
TOTALT	95,5	mill.

Fremjar forslag frå fylkesrådmannen:

Liv og lyst kr 0,9 mill.

Verbalforslag

Hordaland fylkeskommune samarbeider med Masfjorden kommune om realisering av Masfjordbrua. Dei nødvendige tiltaka for å starte prosjektet blir iverksett første halvår 2015."

Benthe Bondhus sette på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Trafikksikring i Hordaland
Det må setjast av/omfordelast ekstra planmidlar til trafikksikringsprosjekt i økonomiplanperioden for 2015-2018, Hordaland."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"SV sitt alternative fylkesbudsjett 2015

Som rådmannen med desse endringane:

Innleiing

Meir ekstremvêr er ein konsekvens av dei menneskpte klimaendringane. Vi kan ikkje peike ut *ei* ekstremhending som menneskeskapt, men at hendingane kjem hyppigare skuldast for store utslepp av klimagassar. Desse ekstremhendinga rammar ofte menneske i land som frå før av er ramma av tidlegare kolonialisme, har ein underlegen plass i det internasjonale handelssystemet, og ofte er styrt av ein korrupt elite.

Hordaland kan ikkje løyse heile verda sine problem, men me kan ta vår del av ansvaret for å hindre overforbruk av naturressursar og yte vårt bidrag til ei meir rettvis verd. Noko av det viktigaste vi kan gjere i denne samanhengen er å syte for ein meir effektiv bruk av den energien vi har. I transportsamheng tyder dette å prioritere kollektivtrafikk, og i bygningar og hus tyder det å satse på ulike typar av enøk-tiltak. Begge desse områda er høgt prioritert i SVs sitt alternative budsjett. Vi vil auke innsatsen i arbeidet med klimahandlingsplanen.

Vi må fortsette å byggje ut kollektivtilbodet. SV har fem viktige verkemiddel: Vidare bygging av Bybanen, leggje om til kollektivfelt ved alle inn- og utfartsårer til Bergen, tidsdifferensiert bompengavgift og takstfrys på billettprisane og miljøvenleg motorteknologi, m.a. Trolleybuss.

Hordaland skal vere ein god plass å leve for alle innbyggjarar uavhengig av lommebok eller bakgrunn. Med gode tilbod til innbyggjarane sine. Det skal leggjas til rette for læreplassar, også i offentlig sektor. Fylket skal hindre sosial dumping på arbeidsplassar. Gode opplæringstiltak for personar med vanskar og utviklingshemningar. God tilrettelegging for skule og utdanning for flyktningar og asylsøkarar.

Ungdommen i Hordaland skal verte utrusta til å både møte og vere medskaparar av framtida. Det gjer vi først og fremst med å sikre alle ei god utdanning og tilbod om eit rikt kulturtillbod. Difor vil SV ha ei auka satsing på utdanning, mellom anna for å sikre at flest mogleg gjennomfører ei vidaregåande utdanning, og vil vedlikehalde skulebygga. SV vil også utvikle ordninga med kulturkort for ungdom vidare.

Hordaland har til liks med mange andre fylke langs kysten eit todelt næringsliv. Det er viktig at fylket har verdiskaping som ikkje er oljeavhengig. Det offentlege må særleg bidra til at små- og mellomstore føretak får hjelp til nyskaping som kan gje produksjon tilpassa eit bærekraftig samfunn.

Hordaland slit til likes med ei lang rad kommunar og fylkeskommunar med aukande gjeld. Dette både bandlegg driftsmidlar for mange år og gjer oss meir sårbare for endra skatteinngang og endringar i kapitalmarknadene. SV meiner at situasjonen krev at dei statlege overføringane vert auka i framtida, og at staten etablerer meir omfattande ordningar for rentekompensasjon, rentegarantiar eller liknande.

Investeringsbudsjett, verbalforslag

Fylkestinget ber om at posten profilering av eigedommar vert omdisponert og brukt på investeringar i utstyr i den vidaregåande skulen.

Investeringsbudsjettet, taljusteringar

Område (post)	Auka investeringar	Inntekt
Terminaler, nye buskur – oppvarma på knutepunkt	20 000 000	
Utvikling og styrking av kollektivtilbudet	20 000 000	
Framkomsttiltak for buss	10 000 000	
Sykkeltiltak	5 000 000	
Belønningsmidler 2015		55 000 000
Sum endringar	55 000 000	55 000 000

Driftsbudsjettet, taljusteringar

Område (post)	Auka driftskostnad	Redusert driftskostnad
Klimaplan, generell styrking av gjennomføring (715), spes. vekt på motorteknologi og oppstart av hydrogenfyllstasjon Danmarks plass	9 000 000	
Bortfall av støtte til HOG-energi og BRB (700)		5 900 000
Einskapstakst for togstrekninga Arna-Bergen *NSB tar halve kostnaden.	6 000 000	
Avvikling av ordninga med natt-takst (730)	6 000 000	
Internettportal, trafikktryggleik	500 000	
Takstfrys, kollektiv (730)	72 000 000	
Utviding, ungdomskortet (730)	3 000 000	
Pilotprosjekt - «treeininga» - kollektiv, sykkel og gange. Alternativ til reklamefinansiering (730)	12 000 000	
Innsparing pga. mindre buskø med nye kollektivfelt (ruteproduksjon) (730)		50 000 000
Betre billeteringsystem		10 000 000
Planmidler: Bybane, buss og sykler	40 000 000	
Framkomsttiltak for buss – stamlinene	10 000 000	
Auka generell ramme, opplæring (521-532)	38 000 000	
Øymerka, auka bruk av vekslingsmodellen i vg. skule (560)	1 000 000	
Elev/lærling/skulepsykolog (560)	1 500 000	
Utviding, kulturkortet (771)	200 000	
Cornerteateret (771)	500 000	
Styrka vedlikehald, fylkesvegar (7602)	60 000 000	

Kutt i løyving til Brusselkontoret (715)		1 000 000
Redusert utgift, Vestlandsrådet (715)		200 000
Prosjekt Trygg skuleveg – Samla oversyn over trafikkfarleg skuleveg ved alle skular i Hordaland	2 000 000	
Planarbeid for utvide trolleybusnett	2 000 000	
Forum Nye Bergensbanen	500 000	
Nærmiljøtiltak i små bygder for bulyst, identitet og lokale møteplassar. Oppretthalde LivOGLyst-programmet	3 000 000	
Vestnorsk filmsenter (Western Norway Film Commission)	1 000 000	
Støtte til nynorsk kultursenter	500 000	
Lån til Bergen kommune og Statens vegvesen – sanntidsmåling av luftforureining – 5 nye målestasjoner	1 000 000	
Auka ruteproduksjon	25 000 000	
Utgreiing hurtigbåt Laksevåg-CCB-Kleppestø (sjå forslag 23)	500 000	
Mindre bruk av konsulentverksemd		10 000 000
Innsparte midlar, mindre sjukefråver		5 000 000
Tidsdifferensierte bompengar		30 000 000
Meirinntekt bompengar grunna mindre trafikknedgang		50 000 000
Belønningsmidlar 2015		79 000 000
Tannhelse, hindra samanslåing av tannklinikkar	3 000 000	
Sum, endringar (justert)	298 200 000	241 100 000
Samla auka driftsutgifter	57 100 000	

Saldering av auka driftsutgifter: 57 100 000 frå posten *til disposisjonsfond*.

Driftsbudsjettet, verbalforslag

Opplæring

1. Fylkestinget vil ha ein modell for fordeling av ressursar mellom skular, som i større grad enn i dag prioriterer skular med låge inntakspoeng og skular kor ein stor del elevar har anna morsmål enn norsk. Ein slik fordelingsmodell krev samstundes at totalramma er tilstrekkeleg vid til å kunne gje alle elevar i Hordaland ei god opplæring.
2. Fylkestinget vil ha reglar for fast maksimal gruppestorleik og at klassar som hovudregel ikkje skal slåast saman i fellesfag.
3. Fylkestinget vise til «vekslingsmodellen», kor opplæring i skule og bedrift vert kombinert, og ber om at fleire elevar får tilbod om opplæring etter ein slik modell.
4. Fylkestinget understrekar at alle elevar må verte sikra tilpassa læremiddel. Det tyder at alle skal kunne velje å ha lærebok på papir framfor digitale læremiddel, og læremiddel skal vere tilgjengeleg på begge målføre.
5. Fylkestinget vil samarbeide tettare med kommunehelsetenesta for å styrkje helsetilbodet til elevane i den vidaregåande skulen, og mellom anna setje i gong prøveprosjekt med eigen skulepsykolog.
6. Fylkestinget ber om at ein lovfestar retten til læreplass, og vil styrkja fagopplæringskontoret og forsterke samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og særleg oppmode

offentlege verksemdar om å ta inn lærlingar. Stortingsfleirtalet må auke satsane.

7. Fylkestinget vil ha endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ønskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/tilbodet.

Miljø

8. Fylkestinget ønskjer at jordvarmeprosjekt skal brukast i eigna fylkeskommunale nybygg. Hordaland fylkeskommune skal finne eit eigna bygg til å prøve ut eit eige prosjekt.
9. Fylkestinget ber om at arbeidet med å elektrifisere hamna (jmf. mål i klimaplanen) vert ytterlegare forsert. Visjonen er ei heilelektrisk hamn heilt utan klimagassutslepp/lokal luftforureining.
10. Alle nye drosjebilar bør ha hybrid/elektrisk/biogass-teknologi. Innan fire år skal heile drosjeparken vere bytta til slik teknologi. Innan 8 år skal drosjeparken vere utsleppsfri i Bergensområdet.
11. Det skal verte oppretta eit informasjonskontor retta mot alle innbyggjarane i Hordaland, med enøk som hovudarbeidsområde. Dette skal integrerast i arbeidet med klimahandlingsplanen.
12. Fylkestinget ønskjer eit prosjekt for bruk av solfangarar og/eller solcellepanel på alle fylkeskommunale bygg. Slik teknologi skal verte installert på alle bygg kor det kan syte for redusert bruk av anna energi. Ein del av prosjektet bør vere å inkludere yrkesfagelevar innanfor relevante studieretningar, med å både kartleggje og installere.
13. Fylkestinget har som mål at Bergensområdet får Noreg sitt beste grønne kollektivtilbod innan 2020. Det er nødvendig med ei teknologiutgreiing som grunnlag for framtidige anbod både for buss og båt. Trolleybuss blir ein viktig teknologi. I tillegg må fylket utgreie buss med batteri, hybridmotorar og moderne gassmotorar.
14. Fylkestinget vil styrkje konkurransekrafta til kollektivtrafikken gjennom å få etablert kollektivfelt, fryse maksimumstaksten og effektive avgrensingar på biltrafikken. Dette vil føre til kortare køyretid, betre regularitet og auka inntekter til fylkeskommunen.
15. Fylkestinget vil, saman med Bergen kommune, intensivere arbeidet for å betre framkoma for kollektivtrafikken i Bergen. Alle 4-felts innfartsårer og eksisterande sambruksfelt vert omgjorte til sambruksfelt i ein overgangsperiode, til permanente kollektivfelt er etablerte. Ei alternativ ordning med kollektivfelt frå 0600 til 0900 vert prøvd ut med auka kollektivdekking.
16. Fylkestinget vil ha bygd 2.000 nye innfartsparkeringsplassar i bydelane og kommunane rundt Bergen (parkering med skyss). Dette vil gje betre plass på vegnettet til kollektivtrafikk og annan nyttrafikk. Og i tråd med fylkets tidlegare vedtak ønskjer Hordaland fylkesting at 2.000 parkeringsplassar i Bergen kommune blir fjerna.
17. Fylkestinget vil føre inn att prinsippet om gratis skuleskyss. Ordninga med samordning av skulereisekort og ungdomskort skal vere frivillig.
18. Arbeidet for å korte ned reisetida mellom Oslo og Bergen til 4 timar innan 2020 må intensiverast. I møte med nasjonale samferdslestyresmakter er raskare Bergensbane jobb nummer ein. Hordaland fylkeskommune vil halde fram og styrke samarbeidet med kommunar og fylke langs bana, inkludert Bergen kommune. Ringeriksbanen må realiserast. Arbeidet med kommunedelplanar må ta til snarast.
19. Fylkestinget meiner Vossabanen må utviklast som forstadsbane til Bergen, det krev at utbygging av infrastruktur Bergen-Voss vert prioritert. Fylkestinget krev at det rullande materiellet vert fornya.
20. Skansentunnelen vil gje ein farleg auke av biltrafikk via Bergensdalen. Alt planarbeid for denne tunnelen må verte avslutta.
21. For å fjerne trafikk over Bryggen og redusere trafikk i Øvregaten, er det avgjerande at Sandviken få god bybanedekking. Det er viktig at planane for Bybane til Fyllingsdalen ikkje tar vekk muligheita for Bybane framom Bryggen i framtida.
22. Fylkestinget prioriterer samanhengande sykkelvegnett, og sykkelparkering.

23. Fylkestinget ber om at planlegginga av ein rullebane nummer to på Flesland vert avslutta. Ein auke i flytrafikken vil bryte med regionale, nasjonale og internasjonale mål om å kutte i utsleppa av klimagassar og verne befolkninga mot helsefarleg støy.
24. Fylkestinget ber om at det vert planlagt et prosjekt for ei pendlarrute CCB-Laksevåg-Kleppstø. Prosjektet har eit bra potensiale for å kunne verte eit vellukka døme på meir bruk av sjø til persontransport, og på sikt bør ho verte ei ordinær transportordning for alle.
25. Fylkestinget ber om at ein legg fram plan for utbygging og finansiering av utvida Trolleybuss.

Tannhelse

26. Fylkestinget vil ikkje støtte sentralisering av tannhelsetenesta. Fylkestinget vil arbeide for ei tannhelseordning finansiert over Folketrygda med eit felles nasjonalt takstsystem. Det er ingen naturleg grunn til at tannhelsa skal handsamast annleis enn helse elles.

Kultur

27. Fylkestinget ønskjer kulturkortet utvida til å gjelde fleire kulturtilbod og alle studentar.
28. Fylkestinget meiner regionane i Noreg treng ei langvarig satsing på film for å hindre ytterlegare sentralisering av filmproduksjonen. Som ein del av denne satsinga skal Hordaland fylkeskommune auke midlane til Vestnorsk filmsenter og sikre driftsmidlar til Western Norway Film Commission på sikt.
29. Fylkestinget ber om at arbeidet med å finne eit sentralt lokale for ein nynorskscene vert prioritert høgt. Målet er å finne ein plass i Bergen sentrum i løpet av 2015.

Likestilling

30. Fylkestinget ber om at ein minskar delen tilsette i deltidstillingar. Heile stillingar skal vera hovudregelen.
31. Menneske med nedsett funksjonshemming som ikkje kan nytte offentleg transportmiddel må få høve til å parkere gratis ved arbeidsstaden.
32. Fylkestinget ber om ein gjennomgang av omfanget og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov, og på bakgrunn av dette syte for at dei får både eit fjerde og femte skuleår.

Finansiering/innkjøp/regional utvikling

33. Fylkestinget ber om arbeidet mot skatteparadis, sosial dumping og anna tilknytt økonomisk kriminalitet vert prioritert høgare. Spesielt viktig er det å syte for innsyn i leverandørkjeder og slik sikre at også mindre underleverandørar ter seg som seriøse aktørar.
34. Fylkestinget er uroa for den høge gjeldsgraden til Hordaland fylkeskommune, og meiner det må vere ei prioritert oppgåve å både sikre større årlege statlege overføringar og fleire statlege instrument som kan verne kommunane og fylkeskommunar mot renteendringar o.l.
35. Fylkestinget meiner det omfattande kuttet i tilskott til regional utvikling i statsbudsjettet ikkje er godt nok grunngjeve, og vil arbeide for å reversere kutta i kommande statsbudsjett. (Det er spesielt viktig at Bulyst-prosjektet ikkje lid skade på grunn av dette kuttet.)
36. Fylkestinget ber om ei uavhengig fagleg utgreiing om røynslene med anbod for kollektivtransport for buss og båt i Hordaland. Rapporten må undersøkje økonomisk vinst for det offentlege og for selskapa, betre tenester, arbeidsvilkår for dei tilsette, mogeleg auka byråkratisering, vilkåra for å styre transporttilbod og teknologiutvikling politisk frå fylket. Rapporten vert lagt fram og drøfta.
37. Fylkestinget ber administrasjonen kome med framlegg til eit modernisert reglement for politisk arbeid i fylket som aukar mindretalet sine rettar til å setje frem egne framlegg, krevje høyringar i tråd med ordningar som no er vanlege i Bergen kommune og på Stortinget."

Tom Sverre Tomrén sette fram slikt forslag:

"MDG sitt framlegg budsjett 2015

Forord

Budsjettet skal være en økonomisk plan for hvordan man skal oppnå det man vil. Også våre forslag bygger på fylkesrådmannens forslag til budsjett, og som sådan er det et uttrykk for at administrasjonen utarbeidet et godt budsjett som tinget kan arbeide videre med.

For fylkestinget er klimaplanens målsetting det viktigste i 2015, samtidig må målet nås parallelt som vi tar vare på naturmangfoldet, og gir gode livskår for det menneskelige mangfoldet i Hordaland.

Tilsynelatende er dette en målsetting som delvis er delt av flertallet på fylkestinget. I forordet til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 innledes det med å si at «Klimaplanen skal legges til grunn for andre regionale planer i Hordaland». Og i Økonomiplan 2015-2018 skriver fylkesrådmannen: «Klimaplanen vert sentral i økonomiplanperioden».

Et budsjett må være innrettet slik at det medvirker til det som vi liker å kalle «det grønne paradigmeskiftet»: Et grønt skifte der vi legger til rette for elbiler, trolleybusser, hydrogen, T-bane, bybane, tog og at fergeanbudene må lyses ut med krav om nullutslippsteknologi.

Fylkestinget sitt framlegg inneholder endringsforslag som vi mener vil bidra til lavere klimagassutslipp, bedre forutsetninger for å ta vare på det biologiske mangfoldet, og bedre livsvilkår for den oppvoksende generasjon.

Budsjettframlegget tar utgangspunkt i fylkesrådmannens framlegg, men med følgende tillegg og endringer:

Driftsbudsjettet, talljusteringer

Område / post	Økt driftskostnad	Redusert driftskostnad
Klimaplan, generell styrking av gjennomføring (715). Følgende områder styrkes: <ul style="list-style-type: none"> • Utviding av tilskuddsordning for ladepunkt og hydrogenstasjon på Danmarks plass. • Utvidelse av tilskudd til miljøorganisasjoner. • Videreføring og utvikling av samkjøringsprosjektet • Pilotprosjekt for avvikling av sitkagranfelt og bruk av sitka til biodrivstoff. • Videreutvikling av klimaplan. 	20 000 000	
Enhetstakst for togstrekningen Arna-Bergen	6 000 000	
Takstfrys, kollektiv	72 000 000	
Utviding, ungdomskort (730)	3000 000	
Prosjektering av innfartsparkering	3 200 000	
Forum nye Bergensbanen	200 000	
Tidsdifferensierte bompenger (øremerket kollektivtrafikk)		30 000 000
Økt ruteproduksjon	45 000 000	
Belønningsmidler kollektivt		45 000 000
Sykkelveier i Bergen	10 000 000	
Økt generell ramme opplæring (521-531)	10 000 000	
Elevterapeut/psykolog	1500 000	
Elevombud	1000 000	
Liv og Lyst	1 000 000	
Mindre bruk av konsulentvirksomhet		5 000 000

Hordaland olje- og gassenter		890 000
Tannhelse, hindre sammenslåing av tannklinikker	3 000 000	
Støtte til lokale og regionale kulturhus	3000 000	
Cornerteateret (771)	500 000	
Vestnorsk filmsenter	2 000 000	
Røldal pilgrimsprosjekt	1000 000	
Religion- og livssynsdialog prosjekt: Utlyses	500 000	
	172 900 000	80 890 000
Saldering:		
Disposisjonsfondet 2013		82 100 000
Mindre avsetning til disposisjonsfondet 2015		9 910 000

OMRÅDE (POST)

Verbalframlegg

Miljø, natur og samferdsel

Enkeltmennesket skal ha størst mulig innflytelse over innholdet i eget liv. Naturen setter likevel grenser for oss. I 2014 er vi kommet til det punktet der vi er nødt til å prioritere å få ned klimagassutslippene våre på et bærekraftig nivå og vi er nødt til å prioritere å ta vare på naturmangfoldet om de neste generasjonene hordalendinger skal kunne leve gode liv. Både i klimaplanen, i småkraftplanen og i andre regionale planer finner vi verbalformuleringer som skulle indikere at flertallet av fylkespolitikere har innsett alvoret i situasjonen. Utfordringene er at målsettingene om klimagassutslipp og å ta vare på naturgrunnet ofte blir nedprioritert når den blir utfordret av andre målsettinger (som næringsutvikling) og når vi som fylkespolitikere skal forholde oss til små og store utviklingsprosjekt drevet fram av særinteresser. Hordaland fylkesting vil derfor bidra til at klimaplanens hovedmålsettinger blir overordnet målsetting for HFKs drift.

Tallene fra SSB viser at klimagassutslippene har gått opp i Hordaland og fylkestinget mener det er nødvendig med en kraftig økning av budsjettposten knyttet til oppfølging av klimaplanen. Vi ønsker en økt satsing på elbil og hydrogenbil: Fylkestinget prioriterer utbyggingen av en kombinert hydrogen- og hurtigladestasjon på Danmarks plass, vi vil videreføre og øke tilskuddsordningen for ordinære ladepunkt og vi vil videreføre samkjøringsprosjektet. I arbeidet med å få ned klimagassutslippene er vi helt avhengige av et bredt folkelig engasjement. Fylkestinget ønsker derfor å øke potten for tilskudd til organisasjoner som arbeider med miljø og klima.

Fylkestinget ser det som helt nødvendig å omstille transportsystemene i fylket fra et karbonbasert transportsystem til et transportsystem basert på fornybar energi. Vi trenger et mangfold av løsninger basert på alt fra sykkelveier, elbil- og hydrogenbiltiltak, trolleybusser, t-baner, bybane, el-båter m.m. For å stimulere til denne utviklingen ønsker vi å utvide klimaplanen med å utvikle en egen delplan for «Klimavennlig transport i Hordaland». Vi ser også at fylkeshovedstaden vår, Bergen kommune sliter med å få grep om den lokale luftforurensingen. For å øke kunnskapen og informasjonskapasiteten om den lokale luftforurensingen i Bergen ønsker Hordaland fylkesting å bidra med midler til flere målestasjoner og bedre informasjonsflyt. Det bør også utredes om fylket bør ta et sterkere ansvar for utvikling av landstrømanlegg i Bergen.

Næring- og samfunnsutvikling

Livskraftige lokalsamfunn trenger et livskraftig lokalt næringsliv. Næringsutvikling og samfunnsutvikling er to sider av samme sak, og begge deler må utvikles slik at det bidrar til å realisere klimaplanen. Fremtidens næringsliv vil måtte være klima- og miljøvennlig. Storparten av Hordalands befolkning må bosettes slik at en ikke er avhengig av fossilbil for å komme seg til og fra hjem, skole og arbeid og for å delta i kulturaktiviteter. Framtidens utbygginger må basere seg på godt utviklede miljøvennlige transportløsninger, og en må unngå utbygging på områder egnet for jordbruksproduksjon og på områder med høye naturverdier. Fylkestinget ønsker å legge til rette for bærekraftige og miljøvennlige

arbeidsplasser i innbyggernes nærmiljø, og vi vil utvikle planer for utbygging og næringsareal som ikke kommer i konflikt med landskaps- og naturvernverdier.

Fylkestinget mener det er påkrevd at næringslivet i fylket stimuleres til å omstille seg fra et petroleumsbasert næringsliv til et mer robust og mangfoldig næringsliv som støtter opp om overgangen til et bærekraftsamfunn. I fylket vårt ligger landets største punktutslipp for CO₂ på Mongstad. Fylkestinget ønsker at HFK stimulerer til avvikling av dette punktutslippet og til utvikling av ny og fremtidsrettet næring på Mongstad. Fylkestinget mener at både termovarme (evt. jordvarme), maritim vindkraft, bølgekraft og ENØK bør utforskes som satsingsfelt for næringslivet i Hordaland. Et annet viktig satsingsfelt er utvikling av byggematerialet basert på minimal klimabelastning. I tråd med dette ser vi viktigheten av å skape gode lokale livsarenaer der folk kan leve og trives lokalt, og vi mener at Liv og Lyst-prosjektet er et eksempel på et godt prosjekt som har lyktes med å skape slike møteplasser, og mener at dette må videreføres. I vårt budsjett øker vi tilskuddet fra fylket noe, som kompensasjon for varslet kutt fra statlige myndigheter.

Kultur

Fylkestinget ser på det å kunne uttrykke og engasjere seg i kulturlivet som en menneskerett. Samtidig som vi mener at fellesskapet aktivt skal støtte kultur og idrett, ønsker vi et kulturliv som i seg selv er fritt og uavhengig. Den fylkeskommunale kulturpolitikken må ta utgangspunkt i et ønske om å hindre ensretting, og bygge bro mellom fortid og fremtid. Et fritt og aktivt kulturliv skaper møteplasser, og bidrar dermed til et inkluderende samfunn. For å trekke fram noen få eksempler på institusjoner og prosjekter som bidrar til dette kan vi her nevne Cornerteateret, Vest norsk filmsenter og Pilegrimsprosjektet i Røldal.

De siste årene har vært preget av mye uro i verden og i kombinasjon med en generell globalisering medfører dette økt immigrasjon til fylket vårt. Fylkestinget ser det kulturelle og livssynsmessige mangfoldet som dette medfører som en styrke og mulighet. For å stimulere til utveksling av kulturelle impulser og til økt forståelse vedtar fylkestinget å initiere et pilotprosjekt med vekt på dialog mellom ulike religioner og livssyn. Prosjektet skal innrettes for å skape møteplasser mellom innvandrere og nordmenn.

Opplæring

HFK ønsker en videregående utdanning som gir alle muligheter, uavhengig av om de er flinke i matematikk, har grønne fingre eller trives best med motorolje. En slik skole kan ikke være «lik for alle», men må ta utgangspunkt i enkeltelevers forutsetninger og ønsker, samt i lokale og regionale behov og utfordringer.

For fylkestinget er det et mål at den offentlige skolen skal være bærebjelken i den videregående skolen, med ikke-kommersielle friskoler som supplement. Fylkestinget vil prioritere elevens rett til å gå på en skole i nærområdet, men ivareta muligheten til å søke på andre skoler.

Fylkestinget mener det må legges til rette for at elever som går ut av grunnskolen får et reelt valg mellom å gå ut i arbeidslivet for kortere eller lengre tid eller å ta videregående utdanning. En god skole er avhengig av god brukermedvirkning. Fylkestinget mener derfor at det er påkrevd med en satsing på et sterkere innslag av elevdemokrati i skolene, der elevene får reell medbestemmelsesrett. For å styrke medbestemmelsen og at elevenes egne ønsker og behov blir ivare tatt ønsker fylkestinget å opprette en egen stilling som elevombud.

Helse

Helsetjenestene er i dag i stor grad et statlig ansvar via helseforetakene, men fylkeskommunen må stille klare krav til og arbeide for et godt tilbud for våre innbyggere. Tannhelse er fremdeles et fylkeskommunalt ansvar. Slik fylkestinget ser det er tannhelse viktig for generell helse og velvære; og tilgjengelighet til det offentlige tannhelsetilbudet er avgjørende. Fylkestinget vil påpeke at det i fremtiden vil være hensiktsmessig at tannhelsetjenesten ses på som en del av den ordinære helsetjenesten.

En annen sektor som fylkeskommunen har et særlig ansvar for er helsetilbudet for elever i den videregående skolen. Fylkestinget ønsker å styrke helsetjenesten i den videregående skolen, og vi ser særlig behovet for styrke det psykiske helsevernet ved de videregående skolene."

Rasmus Laupsa Rasmussen sette på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til opplærings- og helseutvalet:

"A) Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på marknadsprinsipp, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølv får koma med sine innspel og at dei negative konsekvensane av dagens budsjettmodell vert synleggjort. I Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag vert det føreslege å kutta 38 millionar i ramma til opplæring fordi elevtalet blir lågare for 2015 enn det var for 2014. Det er eit kutt som vil få dramatiske konsekvensar for skulane våre. Difor vel vi å ta heile kuttet inn att i budsjettet. Kortsiktig statistiske endringar og marknadsprinsipp skal ikkje vera avgjerande for drifta av dei vidaregåande skulane i Hordaland.

B) Nytt inntakssystem

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak om nytt inntakssystem i Hordaland. Karakterar skal ikkje åleine avgjere kva skule en har moglegheit til å gå på. Saka skal syne korleis dagens inntakssystem påverkar elevane sitt reisemønster, og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir fornuftig og bærekraftig skulestruktur i Hordaland. Eit bærende prinsipp i det nye inntakssystemet skal vere at elevane har rett til å gå på næraste skule som tilbyr ønskt studieretning.

C) Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidingar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstillar krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulene i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremje ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

D) Tillitt til lærarane

Lærarane er vår viktigaste ressurs i skulen, og vi ønskjer å frigje meir tid slik at dei kan konsentrere seg om si viktigaste oppgåve, som er undervisning av elevane. Difor vedtek fylkestinget at fylkesrådmannen skal fremje en sak om avbyråkratiserande tiltak i den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkestinget vedtek og at ordninga med anonym retting av prøva vert avskaffa."

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Bondhus sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Tomren sitt forslag fekk 4 røyster (MDG, SV) og fall.

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, 1 MDG) og fall.

Nyborg sitt forslag fekk 5 røyster (KrF) og fall.

Valle sitt forslag fekk 23 røyster (A, Sp, SV, MDG) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 28 røyster (A, Sp, SV, KrF, MDG).

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Budsjettforslag for 2015 og økonomiplanforslag 2015-18

Forslaget tar utgangspunkt i fylkesrådmannens reviderte budsjettgrunnlag, og endringene under refererer både til engangsendringer i 2015 og endringer for hele økonomiplanperioden. Dette kommenteres nærmere i teksten under tabellen. Tiltak i tabellen er nummerert, og det henvises tilsvarende til nummererte kommentarer i teksten.

Tiltakene er finansiert ved bruk av avsetningen på 11 mill. kr til disposisjonsfond i fylkesrådmannens budsjettforslag for 2015, samt med uttrekk av 69 mill. kr fra disposisjonsfond avsatt i juni 2014 basert på regnskaoverskudd fra 2013.

Avslutningsvis i teksten under fremmer koalisjonen også noen verbalforslag uten direkte budsjettvirkning for 2015.

1. Driftsbudsjettet

	Samferdsel	1000-tall
1	Redusert takst måneds-/periodekort (fra kr 780 til kr 745)	7 000
2	Harmonering takst Barnekort/Ungdomskort (samme pris)	500
3	Fylkesveivedlikehold, dekkelegging	60 000
	Sum samferdsel	67 500
	Opplæring og helse	
4	Elevtallsjustering høst 2015	-7 000
5	Tilbakeholdes for senere fordeling på bakgrunn av inntak	7 000
6	Lærlingeplan og prognose	500
7	Sommerskole Stord/Sunnhordland	250
8	Ungt entreprenørskap, fokus yrkesfag	250
9	Motorrom Bømlo	
10	Markedsføring av HFK's skoler med vekt på yrkesfag	500
	Sum opplæring/helse	1 500
	Kultur	
11	Litteraturhuset	200
12	Administrasjon kultur, kulturminnevern/kunstformidling	-500
13	Sykkel VM-prosjekt, folkehelse/sykkelvaner	500
14	Friluftslivets år 2015	400
15	Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalget	250
16	Internasjonalt kultursamarbeid	-200
17	Museum	300
18	Haugesenteret	50
19	Gruver Litlabø, engangstilskudd	100
20	Moster Amfi/Mostraspelet, nytt manus m.m. driftstilskudd	100
	Sum kultur	1 200
	Regional utvikling	
21	Redusert stillingsomfang 5 %	-1 000
22	Nordiske Mediedager, tilskudd	250
23	Klimaplanen	1 000

24	Avvikle Liv og Lyst	-900
	Sum Regional utvikling	-650
	Bortfall renteinntekter	1 450
	Redusert avsetning disposisjonsfond i 2015-budsjettet	-11 000
	Fra disposisjonfond (avsetning 2013-regnskapet)	-60 000

Merknader driftsbudsjettet;

Samferdsel

1. Reduksjon av månedskortpris. For å bygge opp under en fortsatt god utvikling i kollektivbruken, spesielt for de som reiser daglig kollektivt, endres minsteprisen på periodekort (30dg) fra foreslåtte kr 780 til kr 745.
2. Samordning pris barne/ungdomskort. Prisen på barnekort og ungdomskort harmoneres, det er unaturlig med prisnedgang etter fylte 16 år.
3. På bakgrunn av den utfordrende situasjonen for fylkesveiene mht. vedlikehold og dekkelegging, bud-sjetteres det med 60 mill. i ekstra dekkelegging i 2015. Fylkesutvalget/SAMU får fremlagt oversikt over planlagt dekkelegging i 2015 så snart dette er klart iht. ny budsjetttramme på totalt 100 mill. til tiltaket i 2015.

Opplæring

4. Elevtallsjustering. Prognostisert innsparing ved redusert elevtall høsten 2015 fordeles ikke til virksomhetsbudsjettet før elevtall er klart, posten holdes i reserve, se pkt. 5. Dersom elevtallet høsten 2015 blir høyere enn budsjettet, har administrasjonen fullmakt til å fordele nødvendige midler til skolene.
5. Til fordeling ved endelig elevtall. Posten fordeles av OPHE når elevtall er klart. Dersom elevtallet tilsvarer prognosen, og det er en reell innsparing, fordeles posten på andre undervisningstiltak av utvalg for opplæring og helse. Prinsippet er at redusert elevtall gir redusert budsjett, og omvendt.
6. Lærlingeplan og lærlingeprogno
Der er behov for en nærmere sammenheng mellom arbeidslivets behov for kompetanse og undervisningstilbudet på yrkesfag. Det gjennomføres en kartlegging av kompetansebehov og fremtidig tilbud av læreplasser i samarbeid med arbeidslivets parter, med sikte på en tydeligere sammenheng mellom skoletilbud og behov. Arbeidet skal munne ut i et tillegg til skolebruksplanen for yrkesfagtilbud, og evt. justeringer i klasedimensjonering.
7. Sommerskole Stord/Sunnhordland
Sommerskole på Askøy og i Bergen har vært meget vellykket, spesielt til å forbedre sjansene til å gjennomføre videregående utdanning med ståkarakter. Vi ønsker å utvide tilbudet til flere deler av fylket, og sørge for at flere gjennomfører videregående utdanning. Forsøket rettes mot Stord/Sunnhordland.
8. Økt tilskudd ungt entreprenørskap for ungdomsbedrifter i yrkesfag. Der er et stort potensiale for å re-kruttere flere unge til å starte egen bedrift. Et godt arbeid har vært gjort i forhold til studiespesialiserende og studieforberedende program. Økt innsats ønskes rettet mot andre yrkesfagprogram, for å bidra til at flere fagarbeidere starter egen virksomhet.
9. Motorrom Bømlo
Fornyelse av motorrom ved Rubbestadneset gjennomføres i løpet av 2015 med bruk av midler fra in-vesteringsbudsjettets ramme for mindre ombygginger/påbygg. Prosjektet er viktig for å gi elever ved Rubbestadneset oppdaterte tekniske læremidler, og mulighet til å øve under forhold som er mer lik dagens virkelighet. Prosjektet har også stor lokal medvirkning fra bedrifter på Bømlo.

10. Markedsføring av skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag
Mer enn hele reduksjonen i elevtall sist skoleår kom på yrkesfag. Vi står i fare for ikke å kunne dekke behovet for fagarbeidere i fylket i fremtiden. Det settes derfor av 500.000 til et prosjekt for å markedsføre fylkeskommunens videregående skoler, spesielt med vekt på å rekruttere til yrkesfag.

Kultur

11. Litteraturhuset har siden starten klart å etablere seg som en viktig møteplass i Bergen og resten av Hordaland, innenfor begrensede rammer. Driftsstøtten økes med 200.000.
12. Administrasjon kulturminnevern og kunstformidling
Innsparingsforslaget på kultur fokuserer i hovedsak på å redusere tilskuddsordninger. I et stramt budsjett må også egen organisasjon ta deler av innsparingen. Selv om økningen på administrasjon på noen av kapitlene under kultur skyldes tekniske føringer, er det likevel naturlig å redusere omfanget av administrasjon på kulturminnevern og kunstformidling noe.
13. Prosjekt sykkel-VM og folkehelse/sykkelvaner
Bergen og Hordaland er tildelt Sykkel-VM 2017. Samtidig viser tallene fra reisevaneundersøkelsen at sykkelandelen har gått noe ned. Sykkel-VM bør brukes som inspirasjon for å øke sykkelandelen, men også som folkehelseiltak. Det blir satt av 500.000 til prosjekt med mål om å øke sykkelandelen i tråd med målsetningen i Regional Transportplan. Prosjektet skal også ha et folkehelseperspektiv. Fylkesutvalget ber om en sak i første kvartal 2015 der prosjektet blir konkretisert.
14. Friluftslivets år
Friluftslivets år feires i 2015. Det er naturlig med en fylkeskommunal medvirkning til markering av året i et folkehelseperspektiv.
15. Til rådvelde
Rådmannens forslag reduserer rådveldekontoen til kultur- og ressursutvalget. På bakgrunn av revisjonsrapport må disponering og utlysning av disse midlene gjennomgås, men det er ikke ønskelig å redusere det kulturelle handlingsrommet i utvalget. Halvparten av det foreslåtte kuttet tilbakeføres derfor.
16. Internasjonalt kultursamarbeid
Posten reduseres for å finansiere økte midler til museum
17. Museum
Museumene ivaretar en viktig historisk arv, og rammen for tildeling til museer økes derfor med 300.000.
18. Haugesenteret/Nynorsk kultursentrum
Haugesenteret åpnet i september i år, og er nå i full drift som det eneste senteret på Vestlandet for formidling av nasjonal poesi. Det er behov for noe økt driftsstøtte.
19. Litlabø-gruvene, Stord. Engangstilskudd på kr 100 000.
20. Mostraspelet
Mostraspelet skal i de kommende årene utvikle og forberede seg på et nytt 1000-års jubileum, og driftsstøtten blir økt med 100.000 kr.

Regional

21. Redusert stillingsomfang regionalavdelingen. På bakgrunn av redusert omfang på støttemidler, er det naturlig også å redusere administrasjonen.
22. Nordiske Mediedager.
Vi ønsker å videreføre støtte til dette viktige møtepunktet i Bergen, for internasjonale mediebedrifter. Dette er særleg viktig nå når Mediabyen Bergen er under etablering.
23. Klimaplanen
Klimautfordringene er en av de største utfordringene i vår tid. Vi ønsker å styrke arbeidet med klima-prosjekter og setter av 1 mill. kr ekstra i 2015.

24. Avvikling av Liv og Lyst. Prosjekt Liv og Lyst avvikles i 2015 på bakgrunn av nasjonale vedtak. Budsjettet reduseres til et nivå tilstrekkelig for å avslutte igangsatte prosjekt. Ikke igangsatte prosjekt blir ikke startet opp.

2. Investeringsbudsjettet

	Investering	
25	Reduksjon s. 29 eiendeler	-1 000
26	Utstyr/maskiner videregående skole	10 000
	Fra Disposisjonsfond (avsetning 2013-regnskapet)	-9 000

Merknader til investeringsbudsjettet;

25. Fylkestinget ser ikke behov i 2015 for å avsette midler til egenkapitalinvesteringer i andre virksomheter.
26. Det avsettes 10 mill. til utstyr/maskiner i videregående skoler.

3. Verbalforslag

27. En lang rekke tiltak er satt i verk for å redusere frafall og øke gjennomføring i videregående skole. Fylkestinget ber om at det gjennomføres en samlet optilling og evaluering av disse tiltakene. Denne skal være klar enten i forbindelse med tilstandsrapporten for videregående skoler, eller senest for behandling i fylkestinget i oktober 2015.
28. Fylkestinget er kjent med innstillingen til fylkestinget i Sogn og Fjordane vedrørende bokbåten. Innstillingen og avtalefornyelse gjør at fylkestinget ber om en sak om bokbåten til behandling senest til møte i KURE i februar.
29. Tildeling til Gjesteateliet og Ambrosiahuset holdes tilbake inntil KURE og fylkesutvalget har fått seg forelagt gjeldende eller forslag til retningslinjer for disponering og utlysning av leilighet på Nordnes, i Spania, på Stend og eventuelt andre (kunstner)boliger/gjesteateliet som disponeres av fylkeskommunen eller som fylkeskommunen har rett til å disponere.
30. På bakgrunn av at det fra kommunenes side er etterspurt politisk deltakelse på samme nivå ved meklingsmøter/forhandlingsmøter i forbindelse med innsigelsessaker, endres delegasjonsreglementet slik at forhandlingsdelegasjonen ledes av fylkesordfører, ved dennes fravær fylkesvaraordfører, ved dennes fravær leder eller nestleder i KURE. Meglingsresultat legges frem for KURE for endelig stadsfesting. Opposisjonsleder har anledning til å stille som observatør.
31. Sammenleggbare sykler kan i dag medtas på kollektivtransport uten ekstra pristillegg, dersom de har på seg trekk. Dette virker noe kunstig, og fylkestinget vedtar at sammenleggbare sykler kan medtas uten trekk, så lenge de ikke settes på sete/tar opp sete eller i midtgang. Tilsvarende skal sykler som stilles ute på hurtigbåter under eget ansvar kunne medtas uten pristillegg, der det er plass.
32. Fylkestinget ber om en sak for å vurdere den strekningsvise inntektssvikten som følge av at el-biler kan reise gratis på fylkesvegferger
33. Fylkestinget ber om at det blir tatt initiativ overfor statlige myndigheter for å se på muligheter for å redusere kostnadsnivået i neste anbudsrunde for fergedrift.
34. Masfjordenbrua. Fylkestinget er positivt til et forsøk med en konseptutlysning for Masfjordenbrua, dvs. en anbudsutlysning basert på en ren funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunne realiseres under forutsetning av at fylkeskommunale egenandel ikke overskrider fergeavløsning og momskompensasjon i forbindelse med prosjektet. Fylkestinget ber om en sak vedrørende dette i 1.kv. 2015.

35. Voksne i videregående skole: fylkestinget ber om en sak med gjennomgang av mulighetene for søkere uten rett til å ta videregående utdanning eller delkompetanse.
36. Fylkestinget forutsetter at det settes av planmidler slik at nye Rubbestadneset videregående kan realiseres i henhold til skolebruksplanen (2017-2020).

PS 76/14 Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget vedtar å vidareføre dagens avtale om kjøp av elevplassar i Rogaland fylkeskommune.
- 2 Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå vidare med å få utvide avtalen om kjøp og sal av elevplassar med eit nytt punkt 1.4: Elevar frå Sunnhordland kan søkje plass ved vidaregåande skular i Rogaland, under føresetnad av at skulane i Sunnhordland ikkje gir tilbod om dei same utdanningsprogramma/programområda.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Dan Femoen sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

1. «For å sikre ungdom breides mulig tilbud innføres fritt skulevalg over fylkesgrensene mellom Rogaland og Hordaland for de skolene som er omtalt i saken.
2. For å sikre skolene forutsigbarhet må dimensjonering av tilbudet fastsettes i tilbudskatalog.
3. Tilbudskatalog må utarbeides i samarbeid mellom fylkene for å sikre tilfredstillende tilbud og rett dimensjonering.
4. Det må utarbeides en felles forpliktende tilbudsstruktur for skolene Etne og Ølen som sikrer begge skolene forutsigbarhet og god innsøking.
5. Ordningen evalueres etter et år.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt. 1 og 2 fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall Femoen sitt forslag til pkt. 1, 2, 3 og 4 vart vedteke mot 6 røyster (AP/SP/KRF). Femoen sitt forslag til pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	For å sikra ungdom breiast mogleg tilbod vert det innført fritt skuleval over fylkesgrensene mellom Rogaland og Hordaland for dei skulane som er omtalt i saka.
2	For å sikra skulane forutsigbarheit må dimensjonering av tilbodet fastsettast i tilbudskatalog
3	Tilbudskatalog må utarbeidast i samarbeid mellom fylka for å sikra tilfredstillande tilbod og rett dimensjonering.
4	Det må utarbeidast ein felles forpliktande tilbudsstruktur for skulane Etne og Ølen som sikrar begge skulane forutsigbarheit og god innsøking.
5	Ordninga evaluerast etter eitt år.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014

Atle Kvåle sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtar å vidareføre dagens avtale om kjøp av elevplassar i Rogaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå vidare med å få utvide avtalen om kjøp og sal av elevplassar med eit nytt punkt 1.4: Elevar frå Sunnhordland kan søkje plass ved vidaregåande skular i Rogaland, under føresetnad av at skulane i Sunnhordland ikkje gir

tilbud om dei same utdanningsprogramma/programområda.

3. Modellen skal evaluerast etter eitt år."

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

1. "For å sikre ungdom bredest mulig tilbud kan søkere fra Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Sauda og Suldal i Rogaland og Etne, Sveio, Stord, Bømlo, Kvinnherad og Odda i Hordaland søke til: Ølen vgs., Haugaland vgs., Skeisvang vgs., Vardafjell vgs., Kopervik vgs., Karmsund vgs., Sauda vgs. og Åkrehamn vgs. i Rogaland fylke, og Etne vgs., Stord vgs., Bømlo vgs., Odda vgs., Kvinnherad vgs. og Rubbestadneset vgs. i Hordaland fylke, i tillegg til at søkere fra Hordaland har fritt skolevalg i Hordaland.
2. For å sikre skolene forutsigbarhet må dimensjoneringen av tilbudet fastsettes i tilbudskatalog.
3. Tilbudskatalog må utarbeides i samarbeid mellom fylkene for å sikre tilfredsstillende tilbud og rett dimensjonering.
4. Det må utarbeides en felles forpliktende tilbudsstruktur for skolene Etne og Ølen som sikrer begge skolene forutsigbarhet og god innsøking.
5. Det skal benyttes modellen for gjesteelevsgaranti.
6. Avtalen skal gjelde fra skoleåret 2015/16.
7. Modellen skal evalueres etter ett år."

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Kvåle sitt forslag fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Strømme sitt forslag punkt 1-6 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Strømme sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. For å sikre ungdom bredest mulig tilbud kan søkere fra Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Sauda og Suldal i Rogaland og Etne, Sveio, Stord, Bømlo, Kvinnherad og Odda i Hordaland søke til: Ølen vgs., Haugaland vgs., Skeisvang vgs., Vardafjell vgs., Kopervik vgs., Karmsund vgs., Sauda vgs. og Åkrehamn vgs. i Rogaland fylke, og Etne vgs., Stord vgs., Bømlo vgs., Odda vgs., Kvinnherad vgs. og Rubbestadneset vgs. i Hordaland fylke, i tillegg til at søkere fra Hordaland har fritt skolevalg i Hordaland.
2. For å sikre skolene forutsigbarhet må dimensjoneringen av tilbudet fastsettes i tilbudskatalog.
3. Tilbudskatalog må utarbeides i samarbeid mellom fylkene for å sikre tilfredsstillende tilbud og rett dimensjonering.
4. Det må utarbeides en felles forpliktende tilbudsstruktur for skolene Etne og Ølen som sikrer begge skolene forutsigbarhet og god innsøking.
5. Det skal benyttes modellen for gjesteelevsgaranti.
6. Avtalen skal gjelde fra skoleåret 2015/16.
7. Modellen skal evalueres etter ett år.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2014

Rasmus Laupsa Rasmussen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtar å vidareføre dagens avtale om kjøp av elevplassar i Rogaland fylkeskommune.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå vidare med å få utvide avtalen om kjøp og sal av elevplassar med eit nytt punkt 1.4: Elevar frå Sunnhordland kan søkje plass ved vidaregåande skular i Rogaland, under føresetnad av at skulane i Sunnhordland ikkje gir tilbod om dei same utdanningsprogramma/programområda."

Røysting

Innstillinga punkt 1-6 vart vedteken med 29 røyster mot 28 røyster (A, SV, KrF, Sp, MDG) for Rasmussen sitt forslag.

Innstillinga punkt 7 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. For å sikre ungdom bredest mulig tilbud kan søkere fra Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Sauda og Suldal i Rogaland og Etne, Sveio, Stord, Bømlo, Kvinnherad og Odda i Hordaland søke til: Ølen vgs., Haugaland vgs., Skeisvang vgs., Vardafjell vgs., Kopervik vgs., Karmsund vgs., Sauda vgs. og Åkrehamn vgs. i Rogaland fylke, og Etne vgs., Stord vgs., Bømlo vgs., Odda vgs., Kvinnherad vgs. og Rubbestadneset vgs. i Hordaland fylke, i tillegg til at søkere fra Hordaland har fritt skolevalg i Hordaland.
2. For å sikre skolene forutsigbarhet må dimensjoneringen av tilbudet fastsettes i tilbudskatalog.
3. Tilbudskatalog må utarbeides i samarbeid mellom fylkene for å sikre tilfredsstillende tilbud og rett dimensjonering.
4. Det må utarbeides en felles forpliktende tilbudsstruktur for skolene Etne og Ølen som sikrer begge skolene forutsigbarhet og god innsøking.
5. Det skal benyttes modellen for gjesteelevsgaranti.
6. Avtalen skal gjelde fra skoleåret 2015/16.
7. Modellen skal evalueres etter ett år.

PS 77/14 Endring av fagskulen sin plass i styringssystemet

Forslag til innstilling

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, kyrkjelege miljø.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Saksordførar **Nils Marton Aadland** presenterte planen og prosessen.

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken mot 27 røyster (A, SV, MDG, KrF, Sp).

Innstillinga punkt 5-6 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekkjefølgje.

3. Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjettammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.
5. Fylkestinget legg til grunn at planen samsvarar med andre regionale planar der det er felles mål og tema.
6. Kulturminnevern og museum. Innsatsområde 2 / arenautvikling mål pkt. 2., vert det teke inn følgjande tillegg (kursiv):
 - Kulturpolitikken skal leggje til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Innsatsområde 2 / Tiltak B vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, kultur- og idrettsarenaer.

I handlingsprogrammet pkt. 5.4 – Samordning, innsatsområde 10 tiltak A - Aktuelle aktørar / partnerar mål vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, kyrkjelege miljø.

PS 85/14 Regional transportplan Hordaland, revisjon av Handlingsprogram 2015 - 2017

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

PS 86/14 Fylkesvegane - plan- og byggeprogram 2015

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Arild Borgen sette fram forslag til nye pkt.

2) Bergensprogrammet:

- a) Fylkestinget ber fylkesordfører kontakte statlige myndigheiter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

- a) Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar.
- b) Der målet ikkje er nådd vert det lagt fram tiltaksplan i eigen Fylkesvegplan for gang og sykkel.
- c) Fylkestinget ber om at veg gjennom Toskedalen nord på Osterøy vert vurdert som mogleg omkjøringsveg for E16 ved stenging

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 2 fekk 6 røyster (R, A, SP) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 3a og b fekk 7 røyster (R, A, SP, KRF) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 3c fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

2) Bergensprogrammet:

- a) Fylkestinget ber fylkesordfører kontakte statlige myndigheiter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar. Der målet ikkje er nådd vert det lagt fram tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel. Fylkestinget ber om at veg gjennom Toskedalen nord på Osterøy vert vurdert som mogleg omkjøringsveg for E16 ved stenging.

4) Fylkesutvalet er ikkje nøgd med at Hordaland har dårlegast vegdekke på fylkesvegane i landet målt etter tilstand (u)jamnheit i % av veglengda. Fylkesutvalet ber Stortinget i budsjettet for 2015 gje ei løyving som gjer at Hordaland kan ha eit asfalt vedlikehald på gjennomsnitt i landet. SVV har regna at løyvinga må aukast frå 40 til om lag 130 millionar. Samfunns- arbeids- og næringsliv i fylket må ha betre bruksveggar."

Røysting

Oen sitt forslag til nytt punkt 2 fekk 2 røyster (SV, Sp) og fall.

Oen sitt forslag til nytt punkt 3 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag til nytt punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Jostein Ljones sette på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ved utbetring/opprusting av Jondal ferjekai må det planleggjast og byggjast sørvisbygg i tilslutnad til kaien."

Tom Skauge sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag:

"Nye punkt:

2) Bergensprogrammet:

a) Fylkestinget ber fylkesordføraren kontakte statlege myndigheiter med sikte på å sikre 70 % statleg finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

a) Fylkestinget ynskjer sak som viser måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar.
b) Der målet ikkje er nådd, vert det lagt fram tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel."

Røysting

Ljones sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Skauge sitt forslag fekk 23 røyster (SV, A, Sp, MDG) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.

PS 87/14 Fv 563 - rundkøyring Florvåg - søknad om forskottering

Forslag til innstilling:

1. Frank Mohn Eiendom AS får forskottera inntil 1,5 mill kr av sine kostnader til rundkøyring mv. på Fv 563 ved Florvåg.
2. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan renter og prisstigning.
3. Refusjonen skjer etter tur/alder, som del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakken.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Frank Mohn Eiendom AS får forskottera inntil 1,5 mill kr av sine kostnader til rundkøyring mv. på Fv 563 ved Florvåg.
2. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan renter og prisstigning.
3. Refusjonen skjer etter tur/alder, som del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Frank Mohn Eiendom AS får forskottera inntil 1,5 mill. kr av sine kostnader til rundkøyring mv. på Fv 563 ved Florvåg.
2. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan renter og prisstigning.
3. Refusjonen skjer etter tur/alder, som del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakken.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Frank Mohn Eiendom AS får forskottera inntil 1,5 mill. kr av sine kostnader til rundkøyring mv. på Fv 563 ved Florvåg.
2. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan renter og prisstigning.
3. Refusjonen skjer etter tur/alder, som del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakken.

PS 88/14 Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

PS 89/14 Godtgjersle til folkevalde - Justering av satsane 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,73 % pr. 1. mai 2014 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 841 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste vert justert tilsvarende.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Pål Kårbø sette fram slikt forslag:

"Tillegg på siste setning:
...med verknad frå 1. mai 2014."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,73 % pr. 1. mai 2014 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 841 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste vert justert tilsvarende med verknad frå 1. mai 2014.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"I siste setning bør orda "og møtegodtgjersle" takast inn slik at det vert heilt presist og dermed slik ordlyd:

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert justert tilsvarende med verknad frå 1. mai 2014."

Røysting

Innstillinga med Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,73 % pr. 1. mai 2014 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 841 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert justert tilsvarende med verknad frå 1. mai 2014.

PS 90/14 Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.

2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsetta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelloppa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.4.2014, med følgjande merknader og endringar:
 - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57.
 - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengelopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
 - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken i første rekke vert nytta som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken, og elles hovedsakleg til tiltak på vegnettet i Meland kommune.
 - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkreving i bompengesnitte og med eit takstnivå i samsvar med bompengesøkningen.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramma for Nordhordlandspakken på 230 mill.kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.12.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, A, KRF, SP forslag til nytt pkt 4c

c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken hovedsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.

Torill Selsvold Nyborg sette fram forslag til endra pkt 4d og til pkt 6.

4d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs inntening i bompengesnitte.

6) Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen, pådrivarselskapet og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Røysting

Fylkerådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-4b og 5 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endra innstilling pkt 4c vart vedtek mot 2 røyster (FRP).

Torill Selsvold Nyborg sitt forslag til endra innstilling pkt 4d vart vedteke mot 2 røyster (FRP).
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 vart vedteke mot 3 røyster (FRP, KRF).
Torill Selsvold Nyborg sitt forslag til endra innstilling pkt 6 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidssretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringsar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, samt med dei justeringane som går fram av høringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.4.2014, med følgjande merknader og endringar:
 - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg-tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57.
 - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengesopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
 - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken
 - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkreving i bompengesnitna.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramma for Nordhordlandspakken på 230 mill.kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.12.2014

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Endringar:

4c Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. i pakken vert nytta hovudsakleg til tiltak på vegnettet i Meland kommune."

6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen, bompengeselskapet og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken."

Torill Selsvold Nyborg trekte forslaget sitt.

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsetta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørgje for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunneløpa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:
 - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
 - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengelopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
 - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
 - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitt.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Pål Kårbø gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken AS. **Kristian Helland** gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i same selskap. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Kårbø og Helland gjekk frå under røystinga om dei var ugilde.

Beate Husa møtte for Pål Kårbø i saka. **Harald Rydland** møtte for Kristian Helland.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål om han var ugild fordi han er varamedlem i styret for Nordhordlandspakken AS. Han har ikkje møtt som vara, og har heller ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Tom Sverre Tomren ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Tomren gjekk frå under røystinga om han var ugild.

Mona Hellesnes sette på vegner av V og H fram slikt forslag:

- A. "Tillegg punkt 4D:
Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.
- B. 4C – tillegg
(Fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø.)"

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget påpeker at Norhordlandspakken i sin nåværende form vil medføre økt biltrafikk og er dermed i strid med klimaplanen. Fylkestinget vil derfor si nei til Norhordlandspakken i sin nåværende form og tilrår Norhordlandskommunene å utvikle en pakke med større vekt på kollektiv, sykkel og gangveier."

Tom Skauge sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget anbefaler planen med følgende merknader:

- Tillegg:
Fylkestinget legger til grunn for finansieringen:
- A. Finansiering legger til grunn nullvekst i trafikken.
 - B. Kollektivtiltakene prioriteres øverst, dernest gang/sykkelvei og til slutt øvrige tiltak.
 - C. Det etableres kollektivfelt på alle 4-feltsveier for å sikre full fremkommelighet for kollektivtransporten."

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Skauge sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 8 røyster (Frp).

Hellesnes sitt forslag A vart vedteke mot 8 røyster (Frp).

Hellesnes sitt forslag B vart vedteke mot 8 røyster (Frp).

Vedtak

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsetta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørgje for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunneløpa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:

- a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
 - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengelopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
 - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
 - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et taksnivå i området 12-14 kr.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
 6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

PS 91/14 Søknad om fritak frå verv i Samarbeidande Kraftfylke

Forslag til innstilling

1. Iril Schau Johansen, Høyre vert fritaken frå vervet som varamedlem til styret for Samarbeidande Kraftfylke for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. Som ny varamedlem til styret i Samarbeidande Kraftfylke vert oppnemnd for resten av valperioden 2011 – 2015.

Saksprotokoll i Valnemnda - 09.12.2014

Inge Reidar Kallevåg gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som varamedlem.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Iril Schau Johansen, Høyre vert fritaken frå vervet som varamedlem til styret for Samarbeidande Kraftfylke for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. Som ny varamedlem til styret i Samarbeidande Kraftfylke vert Mona Røsvik Strømme oppnemnd for resten av valperioden 2011 – 2015.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Iril Schau Johansen, Høyre vert fritaken frå vervet som varamedlem til styret for Samarbeidande Kraftfylke for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Som ny varamedlem til styret i Samarbeidande Kraftfylke vert Mona Røsvik Strømme oppnemnd for resten av valperioden 2011 – 2015.

PS 92/14 Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i Business Region Bergen og framlegg til ny samarbeidsavtale.

Forslag til innstilling

1. Samarbeidsavtalen mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune vert forlenga med 4 år, men slik at det blir gjort ei ny vurdering av situasjonen etter to år, dvs ein avtale på 2+2 år. Det vert tatt atterhald om å kunne revurdere samarbeidet dersom store kommunar går ut av samarbeidet.
2. Innhaldet i ein ny avtale bør spegle konkret det BRB skal yte som tenester til HFK knytt til sin rolle som aktør innan kompetansebasert næringsutvikling i regionen med særleg fokus på dei tre definerte områda for BRB; **næringsvenleg offentleg sektor, marknadsføring og omdømmebygging, internasjonalisering** og som støtter oppunder måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Vidare vil fylkeskommunen sine synspunkt på samarbeidet slik det går fram av denne saka, bli innarbeid i avtalen.
3. BRB får ei basisbevilling på kr 5 pr innbyggjar for heile virkeområdet pluss kr 10 pr innbyggjar for kommunane utanom Bergen frå Hordaland fylkeskommune i avtaleperioden. Det fylkeskommunale tilskottet blir gjort avhengig av at kommunane bidrar med sin del.
4. Det vert lagt til grunn at prosjekt i regi av BRB utover basisaktivitetane i stor grad blir finansierast eksternt.
5. Det vert forventa at revisjonen av Strategisk næringsplanen tydeleggjer av ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit utgreiingsarbeid av ulike geografiske virkeområde for BRB, ulike tilknytingsformer for kommunane og ulike finansieringsmodellar i nært samarbeid med BRB og dei andre eigarane.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta eit initiativ overfor BRB og dei andre eigarane med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014

Sveinung Valle gjekk frå som ugild fordi han er nestleiar i Business Region Bergen (BRB). Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Atle Kvåle sette fram slikt forslag:

"Tillegg punkt 3:
Løyvinga til BRB for 2015 vert berekna ut frå 100 % oppslutnad hjå eigarkommunane. Deretter som skissert over."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet avviklar sitt engasjement i BRB."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-7 vart samrøystes vedteke.

Kvåle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Samarbeidsavtalen mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune vert forlenga

med 4 år, men slik at det blir gjort ei ny vurdering av situasjonen etter to år, dvs. ein avtale på 2+2 år. Det vert tatt atterhald om å kunne revurdere samarbeidet dersom store kommunar går ut av samarbeidet.

2. Innhaldet i ein ny avtale bør spegle konkret det BRB skal yte som tenester til HFK knytt til si rolle som aktør innan kompetansebasert næringsutvikling i regionen med særleg fokus på dei tre definerte områda for BRB; *næringsvenleg offentleg sektor, marknadsføring og omdømmebygging, internasjonalisering* og som støttar opp under måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Vidare vil fylkeskommunen sine synspunkt på samarbeidet slik det går fram av denne saka, bli innarbeid i avtalen.
3. BRB får ei basisløyving på kr 5 pr. innbyggjar for heile verkeområdet pluss kr 10 pr. innbyggjar for kommunane utanom Bergen frå Hordaland fylkeskommune i avtaleperioden. Det fylkeskommunale tilskottet blir gjort avhengig av at kommunane bidrar med sin del. Løyvinga til BRB for 2015 vert berekna ut frå 100 % oppslutnad hjå eigarkommunane. Deretter som skissert over.
4. Det vert lagt til grunn at prosjekt i regi av BRB utover basisaktivitetane i stor grad blir finansierast eksternt.
5. Det vert forventa at revisjonen av Strategisk næringsplan tydeleggjer ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit utgreiingsarbeid av ulike geografiske verkeområde for BRB, ulike tilknytingsformer for kommunane og ulike finansieringsmodellar i nært samarbeid med BRB og dei andre eigarane.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta eit initiativ overfor BRB og dei andre eigarane med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Sveinung Valle gjekk frå som ugild fordi han er nestleiar i styret for Business Region Bergen AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 55 representantar til stades.

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit eigarmøte i BRB for å drøfta selskapet sin finansielle situasjon."

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 7 røyster (SV, Sp, MDG).

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Samarbeidsavtalen mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune vert forlenga med 4 år, men slik at det blir gjort ei ny vurdering av situasjonen etter to år, dvs. ein avtale på 2+2 år. Det vert tatt atterhald om å kunne revurdere samarbeidet dersom store kommunar går ut av samarbeidet.
2. Innhaldet i ein ny avtale bør spegle konkret det BRB skal yte som tenester til HFK knytt til si rolle som aktør innan kompetansebasert næringsutvikling i regionen med særleg fokus på dei tre definerte områda for BRB; *næringsvenleg offentleg sektor, marknadsføring og omdømmebygging, internasjonalisering* og som støttar opp under måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Vidare vil fylkeskommunen sine synspunkt på samarbeidet slik det går fram av denne saka, bli innarbeid i avtalen.

3. BRB får ei basisløyving på kr 5 pr. innbyggjar for heile verkeområdet pluss kr 10 pr. innbyggjar for kommunane utanom Bergen frå Hordaland fylkeskommune i avtaleperioden. Det fylkeskommunale tilskottet blir gjort avhengig av at kommunane bidrar med sin del. Løyvinga til BRB for 2015 vert berekna ut frå 100 % oppslutnad hjå eigarkommunane. Deretter som skissert over.
4. Det vert lagt til grunn at prosjekt i regi av BRB utover basisaktivitetane i stor grad vert finansiert eksternt.
5. Det vert forventa at revisjonen av Strategisk næringsplan tydeleggjer ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit utgreiingsarbeid av ulike geografiske verkeområde for BRB, ulike tilknytingsformer for kommunane og ulike finansieringsmodellar i nært samarbeid med BRB og dei andre eigarane.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta eit initiativ overfor BRB og dei andre eigarane med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.
8. Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit eigarmøte i BRB for å drøfta selskapet sin finansielle situasjon.

PS 93/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2014

OPNING AV FYLKESTINGET

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Tom Sverre Tomren og Birthe Eriksen valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt minneord om Ottar Fuhr Eriksen. Han mintes også ordførar i Øygarden, Otto Harketstad.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 5 representantar hadde ordet.

I samband med talane til fylkestinget sette **Aud Karin Oen** på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"SV ser med stor uro på at prosjektet LivOgLyst ser ut til å verta lagt ned. SV vil at LivOgLyst-prosjektet skal fortsetja i 2015."

Oen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 75-79/14.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 90, 80-92/14.

IDRETTSPRISAR 2014

Hordaland fylkeskommune sine **utviklingsstipend i idrett** for 2014 vart tildelt:

Magnus Ivarsen (f. 1997)	Padling	Fana Kajakklubb
Karoline Heimvik Haugland (f. 1998)	Fotball	Arna-Bjørnar
Steffen Lande Salomonsen (f. 1996)	Bordtennis	Stord BTK
Beatrice Nedberge Llano (f. 1997)	Friidrett kast/ vektløfting	Laksevåg Turn og IL
Gustav Iden (f. 1996)	Trilaton	Åsane CK

Kvart stipend er på kr 25 000. Utdelinga vart gjort av leiar i kultur- og ressursutvalet, Anne Beth Njærheim.

Fylkeskommunen sine utviklingsstipend innan idrett kan tildelast einskildutøvarar, trenarar og dommarar. Ein person kan berre få slikt stipend ein gong. Målet med stipenda er å gje mottakarane stimulans og høve til vidareutvikling i si idrettsgrein. Ved tildelinga av stipend vert det lagt vekt på: idrettsprestasjonar, potensial og planar for vidare satsing innan idretten.

Hordaland fylkeskommune si utmerking for **særlege idrettsprestasjonar** 2014 vart tildelt:

Kristoffer Brun (f. 1988)	Bronsemedalje i roing	VM, Amsterdam 2014
Mariann Vestbøstad Marthinsen (f. 1984)	Gullmedalje. Sprint, sittende langrenn	Paralympics, Sotsji 2014
Stian Schjetlein (22)	Gullmedalje vannjet - pro ski slalom Bronsemedalje vannjet - pro ski open	VM, Lake Havasu, Arizona USA 2014
Fredrik Andersen (17)	Gullmedalje vannjet - pro am ski limited Sølvmedalje vannjet - pro am ski lite	VM, Lake Havasu, Arizona USA 2014
Sondre Liseth (17)	Sølvmedalje vannjet - pro am ski stock Bronsemedalje vannjet - pro am ski lite	VM, Lake Havasu, Arizona USA 20
Daniel Svae Andersen (17)	Gullmedalje vannjet - pro am ski stock Bronsemedalje vannjet - pro am ski limited	VM, Lake Havasu, Arizona USA 2014
Janette Hansen (20)	Bronsemedalje lag - kumite JKA	VM, Tokyo, Japan 2014
Lena Skåtun (20)	Bronsemedalje lag - kumite JKA	VM, Tokyo, Japan 2014

Hordaland fylkeskommune si markering av særlege idrettsprestasjonar er ei utmerking som heng svært høgt. Det er idrettsprestasjonen som kvalifiserer utøvarane til en slik utmerking. Kravet er medaljeplassering i verdsmeisterskap eller olympiske leikar. Verdsrekordar og siger i verdscupen samanlagt kvalifiserer også til fylkeskommunen si utmerking. Utøvarane må representere ein klubb frå Hordaland.

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen overrekte utmerkinga.

OPPFINNARPRISEN 2014

Oppfinnarprisen skal bidra til å synleggjere og heidre kreativitet, innovasjon og verdiskaping i Hordaland. Dei som får oppfinnarprisen skal ha fast adresse i Hordaland. I tillegg må dei ha evne og vilje til å realisere og kommersialisere oppfinninga si.

Hordaland fylkeskommune sin oppfinnarpris for 2014 vart tildelt **Ivar Ole Wik i Wik Gruppen AS** si oppfinning LIFROLLER, som er eit rullande "stupebrett" som kan monterast i vindaugsopningar utan å skade vindaugget. Varer vert heisa opp på brettet frå ei kran og rulla forsiktig inn i bygget. Dette gjer lossing av varer sikrere, raskare og med mindre risiko for skade på folk og bygningar.

Prisen vart utdelt av fylkesordførar Tom-Christer Nilsen. Oppfinnarprisen 2014 er på 100.000 kroner.

To oppfinnarteam fekk **heidarleg omtale**:

- Den første heiderleg omtalen gjekk til **LABRUSPHARMA AS**, for deira oppfinning Psoria Lyspad, som skal hindre spreiding av psoriasisutslett og lindre kløe og smerter frå sår. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Erik Michalsen, Øystein Flatebø, Finn-Ove Carlsen, Dr. Ole Brix og Peter James Thomas.
- Den andre heiderlege omtalen går til **SITEK AS**, for oppfinninga RVA #GE dreiespjeldventil for rillekuplingar, som løyser utfordringar innafor skips- og industriapplikasjonar. Oppfinninga vil forenkle og redusere montasjearbeid, og redusere arbeidstid og kostnader. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Frank Borge, Tor Inge Nordmo, Geir Hurlen og Ronny Abrahamsen.